



ÅMLI KOMMUNE

- BYGDA FOR ALLE



Årsrapport 2025 – Årsmelding og rekneskap

Vedtatt i kommunestyret 28.05.2026, sakene 26/20 og 26/21

INNHALD:

1	Kommunen som verksemd	4
1.1	Innleiing	4
1.2	Økonomisk resultat	5
1.3	Befolkningsutvikling	7
1.4	Sjuefråvær	8
1.5	Likestilling og etisk standard	9
1.6	Årsverk	10
1.7	Beredskap	11
2	Tenesteområde	11
2.1	Skule	11
2.2	Barnehage	12
2.3	Flyktning og vaksenopplæring	13
2.4	Kulturskulen	13
2.5	PP-tenesta	14
2.6	Sosialt forebyggande arbeid	14
2.7	Helse	19
2.8	Omsorg	20
2.9	Infrastruktur	22
2.10	Prosjekt	23
2.11	Vatn og avlaup	23
2.12	Reinhald	24
2.13	Kommunale bygg	24
2.14	Plan- og byggesak	24
2.15	Jordbruk	25
2.16	Skogbruk	26
2.17	Viltforvaltning	26
2.18	Motorferdsel i utmark	26
2.19	Næring og utvikling	26
2.20	Reiseliv	27
2.21	Kultur	27
2.22	Åmli bibliotek	28
2.23	Nidelva og Gjerstad–Vegår vassområde	28

3	Rekneskap.....	30
3.1	<i>Hovedoversikt</i>	30
3.1.1	BEVLGNINGSOVERSIKT DRIFT - FORSKRIFTENS § 5-4	30
3.1.2	BEVLGNINGSOVERSIKT DRIFT - BEVLGNING PR. EINING – FORSKRIFTENS § 5-4.....	31
3.1.3	BEVLGNINGSOVERSIKT INVESTERING A ETTER FORSKRIFTENS § 5-5.....	33
3.1.4	BEVLGNINGSOVERSIKT INVESTERING B ETTER FORSKRIFTENS § 5-5.....	34
3.1.5	ØKONOMISK OVERSIKT DRIFT – FORSKRIFTENS § 5-6	36
3.1.6	BALANSE	37
3.2	<i>Nøkkeltal</i>	38
3.2.1	NETTO DRIFTSRESULTAT I % AV BRUTTO DRIFTSINNTEKTER – KOMMUNEN TOTALT.....	38
3.2.2	BRUTTO DRIFTSINNTEKTER OG GJELD	38
3.2.3	GJELDSGRAD	39
3.2.4	«NETTO» DISPOSISJONSFOND.....	39
3.3	<i>Noter</i>	40
3.3.1	NOTE 1 - ENDRING I ARBEIDSKAPITAL	40
3.3.2	NOTE 2 – PENSJONSKOSTNADER	41
3.3.3	NOTE 3 - OPPGÅVE OVER ÅMLI KOMMUNE SINE GARANTIFORPLIKTELSAR 31.12	42
3.3.4	NOTE 4 - AKSJAR OG ANDELAR I SELSKAP	43
3.3.5	NOTE 5 - PENSJON	43
3.3.6	NOTE 6 - SAMLA ETTERKALKYLE I SJØLVKOST	44
3.3.7	NOTE 7 – KAPITALKONTO.....	45
3.3.8	NOTE 8 – FOND	46
3.3.9	NOTE 9 – LÅNEGJELD	46
3.3.10	NOTE 10 - VARIGE DRIFTSMIDLAR SPESIFISERT PÅ AVSKRIVINGSÅR	46
3.3.11	NOTE 11 - BEREKNING AV MINIMUMSAVDRAG	47
3.3.12	NOTE 12 – UTLÅN	47
3.3.13	NOTE 13 - ENDRING REKNESKAPSPRINSIPP BELASTA LIKVIDITETSRESERVE	47
3.3.14	NOTE 14 - INNSKOT – PLASSERINGAR – GJELDSPORTEFØLJE.....	48
3.3.15	NOTE 15 - GODTGJERSLE REVISOR	49
3.3.16	NOTE 16 - YTINGAR TIL LEIANDE PERSONAR.....	49
3.3.17	NOTE 17 - OVERSIKT OVER SAMLA BUDSJETTAVVIK OG ÅRSAVSLUTNINGSDISPOSISJONAR.....	50
3.3.18	NOTE 18 – REKNESKAPSPRINSIPP.....	51
4	Status på vedtak fatta i kommunestyret.....	52
5	Tiltaksoversikt med status.....	55

Forsidebilde: Styrk Fjærtøft

1 Kommunen som verksemd

1.1 Innleiing

Kommunedirektøren i Åmli legg med dette fram årsrapporten for 2025, med rekneskap og årsmelding samla i eit dokument. Årsrapporten er den viktigaste årlege styringsrapporten til kommunestyret, og skal gi eit heilskapleg og påliteleg bilde av korleis kommunen har forvalta ressursar, levert tenester og utvikla organisasjonen gjennom året.

Formålet med kommunen er å sikre gode og nødvendige tenester til alle innbyggjarane i Åmli. Tenestene er i stor grad lovpålagde, og kommunen skal levere dei med definerte standardar og ein kvalitet som innbyggjarane kan stole på. Dette krev kontinuerleg innsats, fagkunnskap og vilje til utvikling.

Året 2025 har vore prega av både framgang og krevjande omstillingar. Mange fagområde er sårbare, med få tilsette og høg grad av kompetanse. Likevel har dei tilsette i Åmli kommune lagt ned ein stor og profesjonell innsats gjennom heile året. Dei viser eit sterkt samfunnsengasjement, høg fagleg kvalitet og fleksibilitet i møte med nye utfordringar. Det er vilje i Åmli til å ha ein arbeidskultur der samarbeid, løysingsorientering og nærleik til innbyggjarane står sentralt.

Samtidig ser vi tydeleg at omstillingsarbeid må halde fram i åra som kjem. Kommunen må vidareutvikle arbeidsprosessar, sjå etter nye måtar å organisere tenester på og sikre at ressursane blir brukte på best mogleg måte. Det er også viktig med eit tett og målretta samarbeid mellom einingane, og mellom administrasjonen og politisk nivå. Leiargruppa vil halde fram med å arbeide samla og strategisk for å flytte kommunen i ønskja retning.

Årsrapporten er utarbeidd i samsvar med krava i kommunelova § 14-7. Dokumentet gir oversikt over økonomiske resultat, vurderingar av kommunen si økonomiske stilling og omtale av forhold av vesentleg verdi for kommunen. Det inneheld og ei skildring av arbeidet med etisk standard, likestilling og andre lovpålagde rapporteringsområde.

Slik kommunedirektøren vurderer det, blir alle lovkrav innfridde i denne rapporteringa.



1.2 Økonomisk resultat

Rekneskapen for 2025 er avslutta ut frå forskrift om økonomiplan, årsbudsjett, årsrekneskap og årsmelding for kommunar og fylkeskommunar osv. gjeldande frå 01.01.20.

Driftsregnskapet

Netto driftsresultat skal i utgangspunktet vise forskjellen mellom kommunen sine inntekter og utgifter gjennom året i motsetnad til rekneskaps messig meir- eller mindreforbruk (botnlinja) som måler økonomisk avvik sett i høva til eit budsjett i balanse.

Rekneskapsført netto driftsresultat for rekneskapsåret 2025 er positivt og utgjer kr 7,640 mill. Netto driftsresultat i 2024 var kr 4,443 mill.

Netto driftsresultat utgjer 2,54 % av brutto driftsinntekter, mot 1,60 % i 2024.

Kommunaldepartementet sine føringar er at måttalet minst bør utgjere 1,75 % av brutto driftsinntekter.

Dersom driftsregnskapet viset eit mindreforbruk etter at disposisjonane i rekneskapsforskrifta § 4-1 er gjennomført, skal mindreforbruket i tråd med rekneskapsforskrifta § 4-3 reduserast så mye som mogleg ved å stryke bruk av disposisjonsfond.

Det er i 2025 gjort strykingar i bruk av disposisjonsfond med kr 8,868 mill.

Kommunen har avsett netto 5,319 mill. til disposisjonsfond, medan det vart budsjettert med netto bruk på kr 8,952 mill. I tillegg til strykingane i bruk av disposisjonsfond er det ulike investeringsprosjekt som ikkje er ferdige, der finansieringskjelda var disposisjonsfond. Det er dermed ikkje brukt så mykje av fondsmidla som tiltenkt i 2025.

Etter tilbakeføringar til disposisjonsfond leggest rekneskapen fram med eit resultat på kr 0,- sett i forhold til budsjett. Endring i kommunen sin økonomiske handlefridom må vurderast mot endring i disposisjonsfond under eigenkapitalen i balansen, alternativt netto bruk/avsetning til disposisjonsfond i driftsrekneskapen.

Tenestoområda har samla sett eit mindreforbruk i høve til budsjett på kr 4,369 mill. jfr. Bevilgningsoversikt drift B. Dette syner god økonomisk kontroll for kommunen totalt sett i tillegg til at kommunen har fått auka inntekter m.a. i form av rammetilskot, andre tilskot frå staten, skatteinntekter og økt tilskot konsesjonskraft.

Det er i 2025 utgiftsført eit premieavvik på kr 0,109 mill.

Investeringsrekneskapen

Investeringsrekneskapen er gjort opp i balanse mellom utgifter og inntekter. Av totalt finansieringsbehov på kr på kr 30,621 mill er kr 12,698 mill finansiert med bruk av lån.

Det vart overført kr 2,090 mill frå drift til investering i form av ordinære driftsmidlar med kr 1,085 mill. og bruk av disposisjonsfond med kr 1,005 mill, medan det var budsjettert med kr. 9,888 mill. av dette kr. 0,571 mill. frå ordinære driftsmidlar, kr 7,096 mill frå disposisjonsfond og kr. 2,221 mill frå bundne fond.

Investeringsprosjekta kan gå over meir enn eit rekneskaps år og det kan difor vere til dels store avvik mellom budsjett og rekneskap. I all hovudsak er prosjekta gjennomført i.h.h.t vedteke budsjetttrammer og investeringsrekneskapen leggest fram i balanse.

Prosjekta som ikkje vart ferdig stilt i 2025 leggest fram for kommunestyret i rekneskapssaka for 2025 med forslag om vidareføring av finansieringsplan for kvart enkelt prosjekt.

Nærare om kommunen sin økonomiske stilling pr. 31.12.

Fond

For å ivaretake ein viss økonomisk handlefridom, bør kommunen ha frie driftsfond av ein viss storleik for å kunne møte endra føresetnader kring drifta.

Rekneskapsmessig meir-/mindreforbruk frå tidlegare år bør takast med i vurderinga av frie fond pr. 31.12.

Frie fond knytt til drifta pr. 1. januar 2025 utgjorde kr 57,8 mill. Tilsvarande saldo pr. 31. desember er kr 63,1 mill. Dei frie fonda er dermed auka med kr 5,3 mill.

Ved utgangen av 2025 utgjør netto balanseført premieavvik kr 21,3 mill. (kr 27,5 mill. i 2024)

Akkumulert premieavvik i balansen skal utgifts først i kommunen sitt driftsrekneskap over eit visst tidsintervall, alt avhengig av når tid premieavviket oppstod. Amortiseringa av premieavviket har blitt redusert frå opprinneleg 15 år til 7 år. Dette fører til at tilbakeføring av akkumulert premieavvik vil skje over kortare tid, og med høgare beløp pr. år. Ved høge positive premieavvik vil konsekvensen vere auka årleg belastning i kommunen sitt driftsrekneskap dei kommande åra.

Når kommunen ikkje har sett av midlar til fond for å dekke denne plikta i rekneskapen, må disposisjonsfonda korrigerast for netto balanseført premieavvik for å kunne synleggjere kommunen sin faktiske økonomiske handlefridom. Resultatet vert då at kommunen sine frie fond utgjør kr 41,8 mill. ved utgangen av 2025.

Korrigert for premieavviket i 2024 utgjorde dei frie fonda kr 30,3 mill. i 2024. Kommunen sin handlefridom er dermed auka med kr 11,5 mill. frå 2024 til 2025.

Gjeld

Ved utgangen av 2025 var kommunen si netto lånegjeld minus ubrukte lånemidlar knytt til investeringar kr 167,7 mill. mot kr 170,9 mill. i 2024. Ubrukte lånemidlar blei redusert frå kr 45,4 mill. til kr 40,0 mill.

Gjeldsgraden til kommunen målast med forholdstalet mellom netto lånegjeld og driftsinntektene til kommunen.

Driftsinntektene var kr 300,6 mill. i 2025. Dette gir ein gjeldsgrad på 55,79 % i 2025 mot 61,35 % i 2024.

Likviditet

Kommunelova krev at kommunane skal ha midlar nok til å dekke sine betalingsplikter ved forfall.

Likviditet vert målt ved å sjå på forholdstalet mellom balanseførte verdiar for omløpsmidlar (kortsiktige fordringar, omløpsaksjar, samt kasse og bankkonti) og kortsiktig gjeld. Basert på kommunen sine balanseførte verdiar pr. 31.12.25 utgjør forholdstalet 3,33 mot 3,39 i 2024.

Anbefalt forholdstal er 1.

I kommunen sin bankbeholdning er det midlar som er tilført gjennom låneopptak til investeringsformål. Slike ubrukte lån bør ikkje tele som drifts-likviditet. For å få eit meir korrekt bilete, bør ein justere kontantbeholdninga for desse ubrukte lånemidla.

Basert på justerte verdiar endrast forholdstalet til 2,48 i 2025 mot 2,42 i 2024.

Ein kan, ut frå eit totalbilete konkludere med at kommunen sin økonomiske handlefridom er god.

Finansielle måltal

Kommunar og fylkeskommunar skal som sagt forvalte økonomien slik at den økonomiske handleevna vert ivareteke over tid.

For å kunne sei noko om dette vart kommunane frå 1. januar 2020 pålagt å utarbeide finansielle måltal, jfr. kommunelova § 14-2, bokstav c. I K-sak 21/19 vedtok kommunestyret følgjande måltal for kommunen;

- Netto driftsresultat
- Gjeldsgrad
- Disposisjonsfond i prosent av brutto driftsinntekter

Netto driftsinntekter = Forskjellen mellom kommunen sine inntekter og utgifter gjennom året

Gjeldsgrad= Investeringsgjeld i prosent av brutto driftsinntekter

Driftsreservar= Netto disposisjonsfond i prosent av brutto driftsinntekter


Måltala er sett slik;

Netto driftsresultat bør vere > 1,75 prosent av brutto driftsinntekter

Gjeldsgraden bør vere < 90 prosent av brutto driftsinntekter

Driftsreservane bør vere > 8 prosent av brutto driftsinntekter


Som vist i diagrammet under er kommunen innanfor alle måltala pr 31.12.25.



1.3 Befolkningsutvikling

Frå 2008 til 2018 låg folketalet i Åmli stabilt kring 1845 innbyggjarar. Åra frå 2018 til 2024 viser diverre ein nedgang i folketalet. I 2025 kan det sjå ut som den negative trenden er snudd, som vist i diagrammet under.


For å sikre ei positiv befolkningsutvikling i kommunen er det viktig å skape nye, samt sikre eksisterande arbeidsplassar. I tillegg er det viktig å ha fokus på gode bu-miljø slik at kommunen vert oppfatta som ein attraktiv stad å bu.



1.4 Sjukefråvær


Sjukefråværet i Åmli kommune har vist ein svak negativ utvikling totalt sett frå 2024 til 2025. Første kvartal av året var prega av høgt sjukefråvær med utfordringar i fleire einingar, spesielt i Oppvekst. Dette synast å ha stabilisert seg med ein nedgang i siste halvår 2025. Denne trenden gjeld også det store biletet av kommunen totalt sett.

Tabellen under viser utviklinga i sjukefråværet frå 2024 til 2025. Me er ikkje nøgde med at utviklinga i sjukefråværet er negativ totalt sett, men siste halvår viser som nemnt ein tendens til betring. Spesielt eining Samfunn viser ei positiv utvikling over heile året. For eining Habilitering og ressurs har det vore auke, men orsakande kan vera få sakar som gir relativt store utslag. For eining Oppvekst er året totalt sett lik året før, men med ei positiv utvikling på siste halvdel av året.



Ansvaret for sjukefråværsoppfølging ligg hos kvar enkelt leiar og det er egne rutinar for oppfølging av sjukmelde. Rutinane følgjer systematikken til NAV og det opprettast sjukefråværsoppfølgingssaker som følgjer denne. Sjukefråværet rapporterast jamleg i Arbeidsmiljøutvalet på einingsnivå. Sjukefråværet rapporterast samla, korttid/langtid.

Sjukefråværet i Åmli kommune er i all hovudsak langtidsfråvær. Samla sett har det vore ein svak nedgang i kortidsfråvær med tilsvarende auke i langtidsfråvær. Her er det igjen eining Samfunn som har ei større positiv utvikling, medan eining Habilitering har tilsvarende negativ utvikling.



Det er fleire arenaer der arbeidsmiljø vert sett på dagsorden i Åmli kommune. HMS arbeidet vart forsterka med tilsetjing av eigen HMS ansvarleg i kommunen hausten 2025. Faste HMSK møter og gjennomføring av arbeidsmiljøutvalet er viktige element i det daglege HMS arbeidd. Det er og etablert HMSK-utval i einingane og vurderast ned på avdelingsnivå. I desse møta vert det teke opp saker som rører seg i avdelingane og som har potensiale til å påverka arbeidsmiljøet. Meininga med dette er å førebyggje utfordringar som kan føra til frávær på eit seinare tidspunkt. Årleg sendast det ut ein elektronisk vernerunde der ein kartlegg kvar sett til arbeidsmiljøet sitt knytt opp til lov og forskrift. Resultata vert gått igjennom i kvart HMSK-utval, møte i vernetenesta og på personalmøte i einingane. Ein gjeng og igjennom avviksrapportering frå avviks- og internkontroll systemet i kommunen.

Bedriftshelsetenesta (Agder Arbeidsmiljø) er vel etablerte som ein samarbeidspartnar og arena for systematisk arbeid med arbeidsmiljø og HMS. Her deltek leiarar, tillitsvalde og hovud-verneombod. Tema er definisjonen av arbeidsmiljø og dei ti faktorane som påverkar arbeidsmiljøet. Arbeidet baserast på STAMIS kunnskap og forskning på feltet.

Åmli kommune har delteke i eit samarbeidsprosjekt i regi av Østre - Agder der Arendal kommune har fått skjønnsmiddel til eit prosjekt som heiter HMS i skulen - førebygging av emosjonelle belastningar. Målsetjinga med prosjektet er ei styrking av grunnmuren i HMS-arbeidet med utgangspunkt i forskning og skulen sine behov. Prosjektet er retta mot Østre Agder-samarbeidet sine kommunar, starta i 2023, og varte til hausten 2025. Arbeidet handlar om forbetring av det systematiske HMS-arbeidet, eit styrkt lag rundt tilsetja og førebygging av sjukefrávær. Tilbakemeldingar frå skular i kommunane, samarbeidspartnarar og leiing tyder på at prosjektet sine verkemiddel hjelper skulane med å lukkast med HMS-arbeidet. Det blir blant anna trekt fram forbetra systematikk, auka engasjement blant tilsetja og betra utnytting av arbeidskvardagen si organisering for å involvera tilsetja.


Ønskte sekundær- og effektmål av systematisk HMS arbeid i kommunen er eit redusert sjukefrávær i eit styrkt arbeidsmiljø kor tilsetja i mindre grad opplever utbrentheit og kjenner på meir jobbtilfredsheit. Om tilsetja har det betra med seg sjølv og andre på arbeidsplassen er det god grunn til å vente eit lågare sjukefrávær, at tilsetja blir lengre i stillingane, og at rekrutteringsutfordringar reduserast ved å betra omdømme til kommunane som arbeidsgivar. Meir overordna kan ein seia at samfunnet treng berekraftige tenester. Eit godt arbeidsmiljø sannsynleggjer at tilsetja kan jobba mykje (heiltid) og lenge (høg pensjonsalder).

Framover vil Åmli kommune halda fram med å fokusera på arbeidet nemnd over. Det er viktig å arbeida systematisk og over tid med sjukefrávær for å oppnå reduksjon. Interkommunalt samarbeid, bedriftshelsetenesta, AMU, HMSK-utval og oppfølging vil vera bærebjelkar i dette arbeidet. Kommunen vil og delta i relevante prosjekt i samarbeid med KS og andre i Agder samarbeidd dersom me finn dette formålstenleg.

1.5 Likestilling og etisk standard

Åmli kommune har jobba målretta over tid for å redusera talet på deltidsstillingar, auka storleiken på stillingar og utjamning av lønnsforskjellar. Tilsetja i deltidsstillingar blir gitt tilbod om å auka stilling før ledige stillingar lysast ut. Ved utlysing av ledige stillingar søkast det i størst mogleg grad å lysa ut heile stillingar. Likestilling knytt til løn, handlar om lik løn for likt arbeid. Utvikling i løn mellom kvinner og menn må derfor samanliknast mellom like grupper. I kommunal sektor er lønssystemet bygd på kompetanse og ansiennitet. Ein har delt inn den kommunale arbeidsstokken i grupper basert på likt kompetansenivå – kalla kompetansegrupper.

I diagrammet under visast kvinner si løn jamfør menn si løn fordelt på alder. Diagrammet viser at kvinner tilsetja i Åmli kommune tener tilnærma det same som menn i lik stillingsgruppe – altså med same utdanningsnivå/ kompetanse. Ut frå aldersgrupper ser ein variasjonar i favør kvinner i aldersgruppa under 20 år, 20-29 og 50-59, men for dei andre er det menn som i snitt tener mest. Her vil det førekomma variasjonar ut frå at det i kommunen jobbar ein stor del kvinner med relativt lik kompetanse/utdanning år, slik at påverknad pr tilsett hos menn vil bli relativt sett større.



Åmli kommune arbeider systematisk for å sikre høg etisk standard i organisasjonen. Etiske omsyn er integrerte i leiing, personaloppfølging og dagleg drift gjennom klare roller, delegasjonsreglement og faste rapporteringsrutinar.

Leiinga har særleg fokus på ryddige prosessar innan økonomiforvaltning, personalforvaltning, anskaffingar og tenestetildeling.

For å styrke arbeidet vidare, vil kommunen i perioden framover prioritere tydeleggjering og oppfølging av etiske retningslinjer. Kommunedirektøren vurderer at kombinasjonen av etablerte rutinar og planlagde tiltak gir eit godt grunnlag for å ivareta høg etisk standard også i åra som kjem.

1.6 Årsverk

Eining	Kvinner	Menn	
STØTTEFUNKSJONER	6	2	
OPPVEKST	55	11	
HELSE OG OMSORG	71	9	
HABILITERING OG RESSURS	29	7	
SAMFUNNSAVDELINGA	10	10	
Totalt	171	40	212

Årsverk og fordeling på kvinner og menn er henta ut frå kommunen sine lønsdata. Tala vil ikkje vere 100% korrekt då både ein fast sett til som har gått på sjukeløn/løna permisjon og vikar kan vere med i berekningsgrunnlaget. Sentrale personalregister, som til dømes PAI-registeret til Kommunanes Sentralforbund, vil innehalde dei same små feilmarginane. Tala er basert på faste og mellombelse stillingar som inngår i normal drift.

Det er verdt å merkja seg at kjønnsfordelinga i Åmli kommune har sterk overvekt av kvinner. Dette kan forklarast av at det er mange tradisjonelle «kvinneyrke» i kommunens tenesteportefølje. Det vil vera viktig framover å setja søkelys på å utjamne denne fordelinga.

1.7 Beredskap

Organisasjonsavdelinga ved beredskapskoordinator har oppfølgingsansvaret med arbeidet i kommunen med samfunnssikkerheit og beredskap. Kommunedirektøren er beredskapssansvarleg til kommunen og er leiar av kommunal kriseleiing. Den einskilde einingsleiar har delegert ansvar for beredskap for eigne tenesteområdet. Krisehandtering skjer etter følgjande fire hovudprinsipp:

ANSVAR - Den myndigheit med det daglege ansvaret, har ansvar og i ei krise.

LIKSKAP - Organiseringa i krise skal vere mest mogleg lik dagleg organisering.

NÆRLEIK - Ei krise skal handterast på lågast mogleg nivå.

SAMVIRKE - Alle verksemder har eit sjølvstendig ansvar for å sikra eit best mogleg samvirke med relevante aktørar i arbeidet med førebygging, beredskap og krisehandtering.

Krisehandtering er summen av tiltak som settast i verk for å avgrensa ein skade og føra krisa til opphøyr. Kriseleiinga har ikkje vore sett i 2025, men planverk er vedlikehalde og oppdatert. Det har og vore hendingar der beredskapskoordinator, kommunedirektør og ordførar har vore involvert. Nemner uvêr og tidvis utfall av mobilnett i delar av kommunen.

Åmli Kommune har samarbeidsavtale med dei andre sju kommunane i Austre-Agder IPR om bemanning av Evakuerte- og pårørandesenter (EPs), for å vareta beredskapsansvaret ved ein uønskt hending på tidspunkt der det kan vera krevjande å bemanna EPs med eigne tilsetja.

2 Tenesteområde

2.1 Skule

Skuleutvikling

Det blir arbeidd kontinuerleg med utviklingsarbeid gjennom året.

Aktivitørar i friminutt har blitt ei permanent ordning i arbeid med inkluderande skulemiljø. Inneverande skuleår har vi hatt aktivitør på barneskulen, men vi legg opp til at også ungdomssteget får eigen aktivitør neste skuleår.

Kompetanseløftet for spesialpedagogikk og inkluderande praksis

Kompetanseløftet for spesialpedagogikk og inkluderande praksis er eit tiltak som skal bidra til at barn og unge får den hjelpa dei treng når dei treng det. Målet er at alle barn og unge opplever eit godt tilpassa og inkluderande tilbod i barnehage og skule. Kompetanseløftet er ei oppfølging av Meld. St. 6 Tett på – tidleg innsats og inkluderande fellesskap i barnehage, skule og SFO. Kompetanseløftet har som mål at alle kommunar, fylkeskommunar, barnehage- og skuleeigarar skal ha tilstrekkeleg kompetanse tett på barna og elevane. Dette skal gjere det mogleg å førebygge, oppdage og gi eit inkluderande og tilpassa pedagogisk tilbod til alle, inkludert barn og elevar med behov for særskild tilrettelegging. Åmli kommune deltek i kompetanseutviklinga gjennom Østre - Agder samarbeidet, saman med andre skular i regionen og Universitetet i Agder.

Kompetanseutvikling innan kunstig intelligens og generativ KI for skuleleiarar og lærarar på mellom- og ungdomssteget

Formålet med denne kompetansehevingssatsinga er å gi leiarar og lærarar i grunnskulen innsikt i og ferdigheiter til å forstå og ta i bruk kunstig intelligens og generativ KI i arbeidskvardagen. Kompetansehevingssatsinga har som mål å ruste deltakarane til å møte dei digitale utfordringane i skulen gjennom praktisk bruk, teoretisk innsikt og erfaringsdeling. Rektor og assisterande rektor/skule -og barnehagefagleg rådgjevar i Åmli kommune har delteke på «Leiarsporet» dette skuleåret.

Elevundersøkinga

Elevundersøkinga tek føre seg elevdemokrati og medverknad, fagleg utfordring, felles reglar, læringskultur, meistring, motivasjon, støtte frå lærar, støtte heimanfrå, trivsel, og vurdering for læring.

Nokre av dei viktigaste resultatane fortel om mobbing på skulen. På landsbasis har mobbetal auka betrakteleg over dei siste åra etter koronapandemien, før det i år har gått noko ned igjen. Talet for elevar som på landsbasis har opplevd nokon form for mobbing på skulen ligg i år på 11,3%. På dei to trinna der resultatane er offentlege (7. og 10. trinn), får Åmli i år særskilde gode resultat. På 10. trinn melder 0% av elevane om mobbing. På 7. trinn er dei offentlege tallane så lave at dei er merka med ei stjerne. Dette for at ikkje elevar skal kunne identifiserast gjennom undersøkinga. Skulen jobbar parallelt med elevundersøking for å avdekke mobbing gjennom verktøyet Spekter, utvikla av læringsmiljøsentret i Universitetet i Stavanger. Dermed har skulen gode rutinar for å førebygge, avdekke og følgje opp mobbing.

Når det gjeld trivsel på skulen ligg Åmli rundt det nasjonale snittet, med nokre klassar som trivast litt betre enn landsnittet og nokre klassar som trivast litt under landsnittet, ein naturleg variasjon i ein skule med små klasser. Skulen ser på det som viktig med rutinar knytt til desse resultatane, for å betre dei resultatane som skulen ikkje er nøgd med. Dette arbeidet må gjerast i dei respektive klassene. Spesielt viktig for arbeidet er samarbeidet mellom elevane og kontaktlærarane, med felles føringar frå skuleleiinga. Skuleeigar vil fylgje opp med å sjå til at gode rutinar blir fylgd opp i kvalitetsarbeidet.

Nasjonale prøver

Nasjonale prøver gjennomførast i 5., 8., og 9. trinn i fagområde engelsk, rekning, og lesing. Elevane på 8. trinn Åmli presterte i 2025 på omlag på fylkessnitt og landsnitt i lesing og rekning og engelsk. På 9. trinn presterte dei under både fylkessnitt og landsnitt i rekning, men ligg tett på snitt i lesing. På 5. trinn ligg elevane i Åmli tett inntil fylkessnitt og landsnitt i rekning og noko lågare i engelsk og lesing.

Det er likevel viktig å ikkje trekke slutningar om kvalitet i skulen frå resultatane til enkelte klassar og trinn då desse ikkje gjev stort nok talgrunnlag for det. Derimot kan ein avdekke strukturutfordringar og strukturelle styrkar ved å sjå resultat frå prøvene over tid, t.d. ved å samanlikne eit og same årskull frå 1. til 9. steg. Ein kan også samanlikne dei ulike stega, for å sjå samanheng og indikasjonar på struktur for læring som kan betrast. Skulen jobbar mot å gjere dette systematisk over heile læringsløpet.

Grunnskulepoeng for 2025

I 2025 låg Åmli på 40,8 grunnskulepoeng, landssnittet var 42,2. Førre skuleår låg me på 40,3. Det har dei siste åra vore variasjon i poenga, men dei har nå stabilisert seg rundt 40. Variasjon bør forståast i lys av variasjon frå kull til kull då det ikkje er eit stort nok elevgrunnlag til å trekke slutningar om endring av kvalitet i skulen. Ein må heller sjå på den langvarig trenden over fleire år, noko som har vore positivt samla sett over dei siste ti åra. Samsvaret mellom grunnskulepoeng og eksamen, og samsvaret mellom karakternivå frå grunnskulen til vidaregåande gjer ein indikator på kvaliteten av karaktergjevinga. Dette har Åmli vore gode på.

SFO

Det er mange barn som nyttar SFO-tilbodet i Åmli og på Dølemo etter at det blei innført gratis SFO for 1-4. klasse. Det vil i det vidare bli arbeidd med å konkretisere og legge opp innhaldet på SFO i tråd med nasjonale føringar og etter ei konkretisering av innhaldet i forskrift om rammeplan for SFO.

Leksehjelp

Det har vore tilbod om leksehjelp for 2.-4.klasse i SFO-tida ein time i veka. I tillegg har det vore tilbod om ein time leksehjelp i veka frå 5-10- trinn. Det har vore stor oppslutning om tilbodet på småskolen og mellomsteget, men svært få som nyttar tilbodet i ungdomsskolen.

2.2 Barnehage

Tilskotsordninga

Målet for tilskotsordninga er styrka kollektiv kompetanse i barnehagar og skular ut frå lokale behov, gjennom partnerskap med universitet eller høgskule. Målet er og å styrke og utvikle det profesjonelle læringsfellesskapet for å bli gode på å drive utviklingsarbeid i eiga verksemd. Tilskotsordninga skal styrke kunnskap, haldningar og ferdigheiter hos tilsette og dermed bidra til eit likeverdig tilbod og som fremmer utvikling, læring og trivsel hos alle barn og unge i vår region.

I 2025 starta vi opp med ped.leiar støtte med rettleiing frå Espen Slømdahl, UiA. Arbeidet går ut på å få hjelp i translatørrolla. Korleis formidle fagleg og drive utviklingsarbeid frå kurs og deretter vidare ut på avdeling.

Kompetanseutviklinga skal vere barnehagebasert, så både pedagogar og styrar har delteke i prosessen, som avsluttast våren 2026. I 2026 går kompetanseløftet over i ei ny epoke som kallas «Kollektiv kompetanseutvikling for barnehage og skule.»

Kommunes utviklingsarbeid og andre satsingar kan sjåast i samanheng med TSO. Dette kan for eksempel være strategiar knytta til forebyggjande plan eller kommunens arbeid med BTI - modellen.

BTI – handlingsveileder

BTI er ein samhandlingsmodell som hjelper kommunar med å gje tidleg og samordna hjelp til barn, unge og familiar det knytast bekymring til. Modellen sikrar heilskapleg oppfølging på tvers av tenester som skule, barnehage, helsestasjon, PPT og barnevern. Barnehagane følgjer Åmli kommune sin handlingsveileder ved bekymring rundt eit barn.

Ressursteam barnehage

Tidleg innsats er noko alle instansar i oppvekst arbeider med i Åmli kommune. Vi har hatt ressursteam i nokre år, men no er vi blitt større enn før – og er per dags dato det største i Austre-Agder. Ein gong i månaden samlast vi i ressursteam barnehage. Her kan ein drøfte barn anonymt, men vi kan og invitere inn føresette dersom det er ønskeleg frå deira side. Vi har faglege innslag frå kvar instans og arbeider saman med hovudfokus på laget rundt barnet. I ressursteamet deltek styrarane frå kommunale og privat barnehage, spesialpedagog, helsesjukepleiar, PPT, ergoterapeut, fysioterapeut, psykisk helse og barnevernet. Vi kan kalle inn andre instansar som for eksempel NAV, kommuneoverlege, politi, etc.

Helsefremmande barnehagar og skular

Betre tverrfagleg innsats er noko vi arbeider dagleg med i barnehagane. Peilemerkene heng på avdelingane og pauserom – og vi går gjennom desse på personalmøta. Vi reflekterer over betydninga som utgangspunkt i implementeringa. Dei fire peilemerka «1) Det finnes ikkje vanskelege barn, men barn som har det vanskeleg. 2) Vi ser alltid utvikling som en moglegheit. 3) Vi vet at alt vi gjer påverkar samanhengen vi er en del av. 4) Vi utviklar løysningar i fellesskap.»

2.3 Flyktning og vaksenopplæring

Vaksenopplæring

Vaksenopplæringa har lokale i 2. etasje på Åmli bibliotek. Skulen har hatt undervisning av elevar på introduksjonsprogrammet og undervisning av elevar med rett og plikt til norsk og samfunnskunnskap. Det vert også gitt undervisning til elevar med rett til vedlikehald av tidlegare grunnskolekompetanse. (TOV) Der er tilsett to lærarar ved skulen. Skulen har hatt nedgang i elevtal hausten 2025.

Flyktning

I 2025 vert det busett 7 flyktningar i Åmli kommune. Alle flyktningane kjem frå Ukraina. Av desse var det 5 vaksne og 2 born. Flyktningane er busett i kommunale og private bustadar. Alle dei vaksne med rett til introduksjonsprogram og norskopplæring har takka ja til tilbodet. Kommunen har fleire flyktningar på tiltak gjennom NAV og på vidaregåande skule for vaksne på Sam Eyde i Arendal. Nokre av flyktningane har fått ulike deltidsjobbar.

Flyktningane som er ein del av introduksjonsprogrammet, har fått arbeidspraksis i private bedrifter og i ulike avdelingar i kommunen. Alle born har fått skule- og barnehageplass. Borna er med på fritidsaktivitetar.

Tilbakemeldingar frå flyktningane er at dei trivs i kommunen og har eit godt tenestetilbod.

2.4 Kulturskulen

Kulturskulen hadde ved utgangen av 2025, 64 elevplassar fordelt på musikkopplæring, visuell kunst og dans. Vi har og hatt elevar frå omkring liggjande kommunar som har kjøpt elevplass i Åmli kulturskule i denne perioden. Det var fem tilsette lærarar i kulturskulen gjennom heile 2025, tre på musikkopplæringa, ein på dans og ein på kunst. Kunstlærar og pianolærar har hatt permisjon deler av året og det blei tilsett vikar for denne perioden. Det blei tilsett ny pianolærar i fast stilling i august. Det har og vore samarbeid med kulturskulen Aust i Agder for å kunne tilby eit godt og variert fagtilbod dette året.

2.5 PP-tenesta

I 2025 har arbeidsområdet vore barnehage, skule og vaksenopplæringa. Det har i 2025 vore skifte i personale i tenesta. Det er i dag 100% stilling.

PP-tenesta har lokalar i tilknytning Åmli skule. Dette har vore særskilt tilfredsstillande. Lokala er godt egna til å ta imot born og familiar.

Åmli kommune har sendt ein søknad om å verte ein del av eit interkommunalt samarbeid i PP-tenesta. Avklaring skjer våren 2026.

2.6 Sosialt forebyggande arbeid

Ungdomsvegleiar/SLT

Det vert halde SLT-møte (SLT= samordning av lokale rus- og kriminalitetsforebyggande tiltak) ved behov. Deltakarar har vore rektor ved Åmli skule, politikontakt, barnevern og rus/psykiatri. UngData-undersøkinga har vore gjennomført våren 2025.

Ungdomsvegleiar skal fylgje opp ungdom slik at flest mogleg skal klare å gjennomføre vidaregåande skule. Fokus har vore ungdom frå 10. trinn og oppover. Ungdomsvegleiar deltek i Team Østre Agder, kor både fylket og nabokommunar er representert. Ungdomsvegleiar har samarbeider med rådgjevarane på dei ulike skulane, oppfølgingstenesta, psykisk helse og NAV, samt deltek i SLT-møter.

Utstyrsbanken

Utstyrsbanken har i 2025 hatt lokale i 2. etasje på Åmli bibliotek og har hatt særskilt godt utlån.

Tilskot til inkludering av barn og unge

Gratis turar har blitt gjennomført i vinter- og haustferien for deltakarar i aldersgruppa 7.kl-vgs. Dyreparktur for familiar i målgruppa ble gjennomført i sommarferien.

Forebyggande plan

Kommunen skal fremje gode oppvekstkår gjennom tiltak for å forebyggje at born og unge ikkje vert utsett for omsorgssvikt eller utviklar åtferdsproblem. Kommunen skal samordne tenesta for born og familiar. (Jfr. lov om Barnevern § 15-1 av 1.1.2023)

Kommunen er i gong med å utarbeide ein plan for vidare arbeid på dette området. Planen har teke noko lengre tid enn forventa og er difor ikkje ferdig stilt. Planen blir lagt frem våren 2026.

Helsestasjonen / skulehelsetenesta

Målet for helsestasjonen og skulehelsetenesta er å vere tilgjengelege for innbyggaren 0-20 år og deira foreldre. Tenesta består av helsesjukepleier, lege, sjukepleier, jordmor og fysioterapeut. Nasjonal faglege retningslinjer for helsestasjons- og skulehelsetenesta har mange lovpålagte konsultasjonar og oppgåver.

I alderen 0-5 år er det flest oppgåver og lovpålagte konsultasjonar som skal gjennomførast. Oppgåvene til helsestasjon og skulehelsetenesta kan delast inn i tre område: 1. barn 0 – 5 år 2. skulehelsetenesta 3. Helsestasjon for ungdom (HFU). Dette er eit lågterskel tilbod, og skal vere eit tilbod til alle som ønsker.

Vi har fått prosjektmidlar frå Helsedirektoratet fram til og med 2025 til 60% sjukepleier for å styrke skulehelsetenestene, som har ført til meir open dør på skulen. Det er foreløpig ikkje nye midlar å søke på, og tenesta mister derfor denne 60% ressursen i 2026. Helsestasjonen følger nasjonal faglege retningslinjer for helsestasjons- og skulehelsetenesta med helsekontrollar, rettleiing, vaksinasjon og undervisning. Heimebesøk til familiar med nyfødde har i 2025 blitt gitt til alle.

Helsesjukepleier deltar i ressursteam for skule og barnehage, samt møta i Laget rundt barnet. Samarbeidsmøte rundt sårbarar elevar i skulen deltar tenesta også på. Helsesjukepleiar deltek med aktuelle tema på foreldremøte på skulen, og har mykje undervisning i alle klasser om helse og livmestring gjennom heile skuleåret.

Helsesjkepleier samarbeider med fysioterapeut og tilsette på psykisk helsetjeneste for barn og unge i noe av undervisningsarbeidet.

Tenesta er fire dagar i veka på kontoret på Åmli skule og på Dølemo skule to-tre dagar i månaden. Hausten 2025, har skulehelsetenesta vore til stades på Dølemo ein gong i veka. Mange elevar har behov for samtaler, og det har blitt gjennomført fleire vennskapsgruppe samlingar. Skule legen er tilgjengeleg på skulen og på helsestasjon for ungdom nokre gonger pr semester.

I januar 2025 vart psykisk helseteneste til barn og unge oppretta. Denne tenesta har nå individuell oppfølging av barn og unge med psykiske belastningar, og det er eit godt samarbeid mellom tenestene. Helsesjkepleier tilviser barn/unge/familiar til psykisk helseteneste til barn og unge viss det er behov for oppfølging.

Helsestasjon og skolehelsetenesta deltar i Kvello og God skolestart. Foreldre rettleiing blir gitt på individuelle konsultasjonar i helsestasjonsprogrammet, men helsesjkepleier arrangerer også COS-kurs årleg. ABUP, PPT og somatisk spesialisthelseteneste er nokon av samarbeidspartnarane til tenesta.

Det er Helsestasjon for ungdom (HFU) kvar onsdag, og då er lege med av og til.

Det blir også gjennomført førstehjelpskurs for foreldre kvart år og helsesjkepleier bidrar på fødselsforberedande kurs saman med jordmor fleire gonger årleg.

Jordmor

I 2025 var det 16 fødsjar i Åmli.

Vi har 100% jordmorteneste saman med Vegårshei og Gjerstad. Jordmortenesta har mange konsultasjonar under graviditeten og er på heimebesøk etter fødsel. Vi følgjer nasjonale retningslinjer frå Helsedirektoratet i svangerskap, fødsel og barsel. Jordmor har tett samarbeid med fastlegane, helsesjkepleier og 2. line teneste (som SSHF, gynekologar, DPS, barnevern med meir).

Ny jordmor var på plass frå februar 2025. Inger Urfjell har teke over etter Vigdis Moripen som er blei pensjonist etter seks år i kommunen.

Jordmor held fram med trening for gravide saman med fysioterapeut i ulike bolkar i kommunane (i Åmli er dette bassengtrening i vintermånadane).

Eit nytt tema i svangerskapsomsorga er vaksiner til mor for å gjere det nyfødde barnet meir robust for kikhostesmitte eller RS-virusinfeksjon. Fleire at dei gravide takkar ja til dette. Jordmor held foreldreførebuande kurs over 2 kveldar for alle fyrstegongs foreldre og andre som treng det. Helsesjkepleiar er med på kveld nr. 2, der vi førebur barseltida heime med barnet.

Vi har og eit interkommunalt kvinnehelsetilbod ifht. langtidsverkande prevensjon / etter kontroll / celleprøve frå cervix. Dette er ein dag kvar månad saman med jordmødrene i Risør og Tvedestrand og går føre seg i Tvedestrand. Der har vi søkt og fått tilskot til naudsynt utstyr for dette.

Barnekoordinator

Barnekoordinator har i 2025 hatt fleire barn og familiar som er blitt følgt opp. Det blir gjennomført tverrfaglege møter og møter med barnet og familien.

Fysioterapi

Tenesta har to fysioterapeutar i 100%. Tenestene har eit stort felt, både geografisk, då dei skal dekke heile kommunen, men ikkje minst fagleg. Ein følgjer opp både spedbarn, elevar, vaksne og eldre på mange ulike fagområde; pediatri, geriatri, ortopedi, nevrologi, hjarte-lunge-kreft, muskel-skjelettsjukdommar, livsstilssjukdommar, under svangerskap og i barseltid.

Barn og unge

Fysioterapitenesta er organisert under helse og omsorg, og tilbyr tenester til alle kommunens innbyggjarar -frå start til slutt: Alle gravide i kommunen får tilbod om å bli med på trening for gravide i basseng, leia av fysioterapeut. Dette organiserast interkommunalt i samarbeid med jordmor. Gravide med bekkeleddsmerter får i tillegg individuell behandling hos fysioterapeut. Helsesjukepleiar set opp alle 8 veker gamle spedbarn til kontroll hjå fysioterapeut. Dei som er i behov for vidare oppfølging, settast opp vidare. Fysioterapitenesta har og tilbod om trening for mor og barn, samt babysymjning. Tenesta har grupper for 18mnd gamle babyar i samarbeid med helsesjukepleiar. Barn med asymmetri, medfødt/erverta skade eller som er motorisk usikre følgjast opp i heim/barnehage/skule. Vidare er fysioterapeuten med i Kvello-observasjonar i barnehagane for å avdekke evt behov for støtte/tilrettelegging. I tillegg er fysioterapeuten inne i kvar barnehage ei gong /mnd med motorisk gruppe for førskolebarn, for å stimulere til økt aktivitet, og bevegelses glede med ulike fokusområde.

Fysioterapeutane er ein del av skulehelsetenesta, og er inne i det tverrfaglege samarbeidet God skolestart. Her observerer ein 1.klassingar i klasseroms situasjon, friminutt og kroppsøvingstime, og kjem med tiltak der det er aktuelt. Fysioterapeut er også, i samarbeid med helsesjukepleiar med på guttesnakk/jentesnakk for undervisning om kropp, grenser og avspenning. Fysioterapeut og helsesjukepleiar har kurs i levevanar for elevane på 4. og 6.trinn, deltar på foreldremøte med fokus på aktivitet og søvn, har ryggundersøking på 6.trinn, kostholds -og aktivitetsundervisning på 9.trinn, tankevirus meistringskurs i 10.trinn, i tillegg til individuelle konsultasjonar hjå barn med behov for dette. Det er godt tverrfagleg samarbeid, og tenesta deltek på ressursteam barnehage, samarbeidsmøte med enkeltelevar og «Laget rundt barnet»

Vaksne / eldre / friskliv

Fysioterapitenesta har ein kurativ del – for å få fastlønstilskot er kommunen plikta til at tenesta har minst 5 timer kurativ verksemd/uke /100% stilling. Her har ein inne ulike problemstillingar muskel/skjelettrelatert /hjarte/lunge/psikomotorisk ol. Tenesta har godt samarbeid med privatpraktiserande fysioterapeut, som har ansvar for dei fleste kurative pasientane i kommunen, og ein tilviser ofte vidare til henne. Fysioterapeutane har òg hatt livsmeistringskurs for flyktingane frå Ukraina, med tema som kosthald, søvn, aktivitet.

Fysioterapeutane i Åmli har ein nøkkelrolle i Frisklivssentralen i Åmli, med gruppetreningar, individuelle konsultasjonar for menneske som ynskjer å endre levevanar, samt meistringskurs.

Når det gjeld eldre, prioriterast pasientar på korttidsopphald høgt, slik at dei kan kome seg og halde fram å bu heime. Fysioterapitenesta prioritetar òg førebyggjande tiltak som aktiv senior, for å forebygge funksjonsfall. Fysioterapeutane er viktige inn i kvardagsrehabilitering hjå pasientar som har hatt eit funksjonsfall og som treng eit løft i kvardagen. Fysioterapitenesta har òg fysioterapi i heimen til pasientar som ikkje kjem seg til behandling. Barn, unge, vaksne og eldre prioriterast alle høgt, og det er derfor viktig med ei brei kompetanse i fysioterapitenesta, og ein har i 2025 utarbeida ein kompetanseplan for tenesta.

Ergoterapi

Ein ergoterapeut stilling i 100%. Tenesta har eit stort felt og skal dekke heile kommunen, geografisk og fagleg. Ein følgjer opp både barn, vaksne og eldre.

Barn:

Får tilvisingar frå barnehagen og skolen om finmotorisk kartleggingar og hjelpemidlar. Tilretteleggjar med hjelpemidlar både heime og på skolen/barnehagen. Er med i Ressursteam barnehage og bidrar der tverrfagleg med sin fagkunnskap. I tillegg er ergo med på God Skulestart for observasjon av førsteklassingane på skulane i kommunen saman med andre yrkesgrupper i kommunen.

Vaksne/eldre:

Kvardags rehabilitering har blitt utført samen med fysioterapi og heimesjukepleie. Det er et tilbod for heimebuande brukarar med behov for rehabilitering eller få et løft ved fall i funksjon.

Styrke og balansegruppe har ergoterapeut og fysioterapeut hatt for heimebuande eldre kvar måndag kl 10.30 – 11.45. Det er før lunsjen hos frivilligsentralen. Treninga er for å kome tidleg inn og førebygge funksjonssvikt.

Hjelpemidlar kartlegge ergoterapeuten for de som har behov for det. Det er kartlegging, søknadsprosessen, utprøving, tilpassing og opplæring. Ergoterapeutane hjelpe elles med trening/rehabilitering, tilrettelegging, bustadtilpassing, trygdebil osv.

Hjelpe tenestekontoret med funksjonsvurdering og kartleggingar.

Frisklivssentralen

Ergo- og fysioterapeut har samarbeidet om et godt frisklivstilbod til innbyggjarane. Det er oppstartsamtale, oppfølging, treningstilbod og avslutningssamtale.

Demenskoordinator

Kvar tredje uke har hukommelses teamet kartleggingar med nye tilvisingar. De blir sendt frå fastlegen og sjukehuset. Da er det demenskoordinator (ergo) og en frå heimesjukepleia som reiser ut og tar kartlegginga sammen med personen som er henvist og pårørende.

Ergoterapeut har da ansvar for å planlegge demensdagen med nye kartleggingar, oppfølging og pårørende samtaler med brukara som har fått tildelt tiltakspakken demens. Dette gjerast utanom demensdagen.

Helsefremmande heimebesøk

Ergoterapeut og en fra heimesjukepleia reiser ut og gjennomfører helsefremmande heimebesøk hos innbyggjarane som fyller 78 år, samt oppfølgingsamtale med 85 åringar. Samtale med 78 åringane er blitt gjennomført på hausten og oppfølgingsamtale på våren. Vi informerer om sikkerheit, anbefalingar, kommunale tilbod, korleis dei sjølv kan sikre en god alderdom og bustad tilrettelegging.

Tenestekontor

Tenestekontoret har hatt 70 % ressurs fordelt på to tilsette til saksbehandling og kartlegging frem til 30.6.2025. Det var frå 01.07.25 kun en 20% stilling som har betjent tenestekontoret. Den tilsatte har og en merkantil stilling i kommunen og brukte deler av den stillinga for å holde tenestekontoret stabilt bemannet. 01.11.25 ble det tilsett ei i 100 % stilling som saksbehandlar, og det har vært 120 % ressurs tilknytt tenestekontoret etter det.

Tenestekontor arbeidar etter kommunens tildelingskriteria, forskrift, lovverk og nasjonale føringar i sin saksbehandling. Ein ser at tenestetildelinga nå følgjer kartlegginga og er behovsprøvd.

I 2025 har det blitt fatta 296 enkeltvedtak inkludert betalingsvedtak og gitt 18 avslag. Det er 6 saker som ikkje er ferdig behandla frå 2025, Det er i 2025 mottatt fem klager, der ein er omgjort av klageutvalet i kommunen, ein delvis innvilga og ein blei trekt etter samtale med klagar, to er ikkje behandla.

Det er stort fokus på tverrfagleg samarbeid. Tenestekontoret har alltid med seg fagkompetanse innan rett felt ved kartleggingar. Tenestekontoret har ansvar for forvaltning etter Helse- og omsorgstenestelova. Koordinerande eining ligg under Tenestekontoret.

Det er godt dokumentert at god forvaltning og rett saksbehandling er viktig for å kunne gi rett tenestenivå. Tenestekontoret nyttar ressurskalkulator og innsatstrappa.

Nav

Den kommunale delen av Nav Åmli har i 2025 hatt fokus på tett oppfølging av alle brukarane, og tilrettelegging av tiltak for kvar enkelt person og familie.

Fokusområde i 2025:

Rettleie og hjelpe stønadsmottakarar til å kome ut i arbeid, eller over på rettmessige statlege ytingar.

Rettleie og hjelpe tenestemottakarar til å bu trygt og godt. Me starta også arbeidet med bustadsosial handlingsplan.

Gi økonomisk råd og rettleiing til dei som ønskjer det, for å førebygge økonomiske utfordringar

Det at me har fokus på nemnde område, fører til at me lykkast med å hjelpe fleire til å oppnå økonomisk tryggleik, bu trygt og godt og fremme overgangen til arbeid.

Det vil også framover vere viktig å halde oppe kompetansen på dei ulike fagfelta, slik at me kan halde fram det gode førebyggjande arbeidet, og gi gode tenester.

Nav Åmli har også i 2025 hatt ei arbeidsgruppe med varierte arbeidsoppgåver for å imøtekomme kravet om aktivitetsplikt i Nav jf. §20 a i lov om sosiale tenester.

Dagsenter for personar med demens

Dagsenteret har i 2025 hatt for få brukarar som kunne nytte tilbodet på ein god måte. Dagsenteret har eigentleg vore Åmli Kommune sin løysing på den lovpålagte tenesta "Dagaktivitetstilbod til personar med demens utanfor institusjon" Vi har i 2025 lagt om denne tenesta og bruker ressursen vi har meir individuelt til fleire enkeltbrukarar med demens som er heimebuande og som blir aktivisert i eigen heim. Dette tilbodet verkar å passe betre til brukarane i Åmli, som ofte er vanskeleg å samle i eit dagsentertilbod då mange bur langt frå sentrum. Vi vil evaluere tilbodet i 2026 for å sjå om det er slik vi vil fortsette.

Psykisk helseteneste /rus for vaksne og barn/ungdom

Psykisk helseteneste og rus er eit låg-terskel tilbod som yter lovpålagte tenester og oppgåver. Tenesta har 70-90 brukarar i året. Dei fleste har individuelle tilbod som støtte- og meistringssamtalar. Tenesta bruker også tid på såkalla miljøterapeutisk arbeid og oppfølging i heimen samt oppfølging av familiar. Verdsdagen for psykisk helse vert markert.

Gruppetilbod for vaksne

I 2025 har tenesta hatt følgjande gruppetilbod for vaksne:

Dagsenter kvar måndag og torsdag. Dagsenter har i snitt 10-14 deltakarar kvar gong. Dette er med på å gje deltakarane noko å gå til, samtidig som me avlastar tenesta ved å gje dette tilbodet. Nokon av dei aktivitetane vi driv med er sosialt samvær, bingo, handarbeid-aktivitetar, matlaging og fysisk aktivitet.

Gruppetilbod for ungdom

I 2025 har vi starta opp en gruppe saman med nabokommunane som heiter «Vill vekst» - eit naturterapeutisk tilbod til none ungdommar over 10 veker.

Me ønskjer å bruke gruppetilbod så langt det let seg gjere, då dette gir både andre kvalitetar i oppfølginga og kan være ressursparande for tenesta.

Psykisk helseteneste for barn og ungdom

Psykisk helseteneste for barn og unge har starta opp 01.01.2025. Me har eit fagsamarbeid med Tvedestrand, Vegårshei og Gjerstad. I 2025 har me jobba for å gjære tenesten kjent i kommunen og bli med på samarbeidsarenaer innan i kommunen og ut mot eksterne samarbeidspartnarar.

Ambulerande vaktmeister blir til Teknikar Hjelpemiddel, bilar og teknologi

Vi har i 2025 fasa ut ambulerande vaktmeisterteneste og brukt ressursen til hjelpemiddel, bilar og teknologi. Ambulerande tenester i form av brøyte om vinteren og klipping av plenar om sommaren vart ei lite rettfærdig teneste, då det ikkje var mogleg å hjelpe alle som ønska tenesta og i tillegg konkurrerte vi i mange tilfelle mot private tenester.

Teknikar har ansvar for hjelpemiddel frå eige kommunalt lager, mottak av hjelpemidlar frå NAV, montere opp hos brukar osv. I tillegg følger han opp bilane i heimesjukepleia ifft leasingselskap, servicar og småvedlikehald. Når det gjeld teknologi som etterkvart har blitt ei vaksande teneste i Åmli, er han med på utvikling, drift og utplassering av teknologi i kommunen. Teknikar bruker stadig meir tid på å serve teknologien, som er eit satsingsområde for Helse- og omsorgssektoren.

Kreftkoordinator

Åmli kommune har Kreftkoordinator i 20% stilling. Kreftkoordinator har ein rettleiarrolle og ein oppfølgingsrolle til kreftpasientar og pårørande i kommunen. I 2025 har kreftkoordinator hatt oppfølging av fleire pasientar og deira pårørande.

Åmli Frivilligsentral

Åmli Frivilligsentral er organisert som ein sjølvstendig, ideell organisasjon med eige styre og mottek statleg tilskot, samt årleg støtte frå Åmli kommune. Sentralen arbeider i tråd med forskrift for frivilligsentralar og skal stimulere til frivillig innsats, vere ein open møteplass og fungere som bindeledd mellom innbyggjarar, frivillig sektor og kommune.

I 2025 har Frivilligsentralen vidareføra og utvikla møteplassar og tiltak som bidreg til sosial inkludering, deltaking og førebygging av einsemd. Faste aktivitetar som felleslunsj for heimebuande seniorar, bingo og sosiale treff i samarbeid med frivillige organisasjonar (13 frivillige involvert), samt matutkøyring i samarbeid med ÅPOS-kjøkkenet (16 frivillige, to leveringsdagar per veke), er viktige bidrag til tryggleik og sosial kontakt for eldre innbyggjarar. Den månadlege bygdekinoen driftast på vegne av Åmli kommune og er eit etablert kulturtilbod for barn og familiar, som bidreg til aktivitet og fellesskap i lokalsamfunnet.

Frivilligsentralen har gjennom året hatt eit breitt samarbeid med kommunale einingar og lokale aktørar. Dette omfattar blant anna arrangement som Fagerik fest, DKSS, julegateopning, generasjonsmøte med barnehagen gjennom Livsglede for Eldre og planlegging og gjennomføring av TV-aksjonen. Tiltaket «Åmli Juleharte» vart gjennomført i samarbeid med Nav, psykisk helseteneste/rus og Åmli Misjonskirke, og bidrog til inkludering og støtte i juletida.

I 2025 har Frivilligsentralen, som tidlegare år, vore hovudansvarleg for gjennomføring av Åmli Sensommarmarknad i tett samarbeid med lag, foreiningar og lokalt næringsliv. Arrangementet synleggjer lokale ressursar, styrkjar samarbeid på tvers av aktørar og bidreg til aktivitet og bulyst i kommunen. Nytt tiltak i 2025 var oppstart av Stolpejakta i samarbeid med Åmli Turistforum og Åmli kommune, der Frivilligsentralen har hatt administrativt ansvar. Tiltaket bidreg til lågterskel fysisk aktivitet og folkehelse for alle aldersgrupper. Det vart også arrangert Drive-in-kino i samarbeid med frivillige initiativtakarar og etablert møteplassar for babyforeldre. Eit sentrumstiltak med lysinstallasjonar (julestjerner) vart realisert i samarbeid med Nav si arbeidsgruppe, skule og lokal bank, og ga meistringsopplevingar og bidrog til engasjement og stoltheit knyta til utsmykking av lokalsamfunnet.

Frivilligsentralen arbeider for å styrke frivillig engasjement og fellesskap på tvers av generasjonar og interesser. Sentralen har ei til rette leggjande rolle i arbeidet med frivillig innsats og mobiliserer menneske som ynskjer å bidra til meningsfulle arenaer i samarbeid med lag, foreiningar og kommunale aktørar. Sentralen bidreg med struktur, koordinering og gjennomføring der det styrkjer tiltak og fellesskap. Prioriteringar gjerast ut frå kva som har betydning for lokalsamfunnet, kva som let seg gjennomføre innanfor tilgjengelege ressursar, og kva som naturleg høyrer inn under frivillig innsats. Framover vil Frivilligsentralen vidareutvikle si rolle som ei ressurs for heile lokalsamfunnet og leggje til rette for brei deltaking og samarbeid på tvers av generasjonar. Målet er å styrkje fellesskap og frivillig engasjement i lokalområdet.

2.7 Helse

Legekontor

Legekontoret har i 2025 hatt en lege i permisjon og som slutta i stillinga rett etter avslutta permisjon. Vi har hatt en vikar på hennar pasientliste i store deler av 2025. Vi har i haust søkt etter ny fastlege for å få ei stabil pasientliste igjen, men lukkast ikkje i første omgang. Vi søkte ut på nytt og har fått tilsett en ny lege som begynner sommaren 2026. Det har i periodar vore auka sjukefråvær hos dei andre tilsette ved legekontoret, slik at vi har hatt inne både ekstra vikarar og en periode med vikar frå vikarbyrå for å dekke ledige vakter. Fastlege Indbjo fullførte sin spesialisering som allmennlege i 2025.

Legekontoret gjennomførte sesong vaksinasjon (Influensa, Covid 19 og Lungebetennelse) med tilbod på kveldstid, noko som vart svært vellykka både for innbyggjarane og for personalet. Dette må vidareførast i 2026.

Kommuneoverlege

KOL deltar i regelmessige samlingar med kommuneoverlegane i Østre Agder. Fagleg oppdatering regelmessig via deltaking i relevante webinar frå FHI.

Det ble halde eit folkemøte med folkehelse som tema, der kommuneoverlegen sto for ein del av den faglege informasjonen.

Folkehelseprofil ble framlagt kommunestyre for informasjon om tilstanden i Åmli.

Leder helse og kommuneoverlegen deltok i folkehelsesamling med statsforvaltar angående nasjonalt tilsyn. Tilsyn med skular og barnehagar ble tatt i haust 2025. Det var mykje mindre å påpeke enn for 2 år sidan, så det tolkar vi som et teikn på samarbeidet via tilsyn er bra og gir resultat.

I helsestasjonstenesta har vår kjære jordmor Vigdis gått av med pensjon og en ny kommunejordmor har blitt tilsett.

Sjå og på rapport frå helsesjukepleiar

Legevakt

Fastlegane i Åmli bidrar med vakter. Bemanning på legevakta har vore meir stabil, med mindre bruk av legar frå vikarbyrå i 2025, men vi blir stadig utfordra med høgare satsar, der vertskommunen vil fordele om, prosentsatsar på fast beløp og betaling pr. Innbyggjar. Dei ynskjer meir over på eit fast beløp, der alle kommunar betaler likt.

KØH

Dette er eit samarbeid i Østre-Agder, Arendal er vertskommune. Det har vore fleire pasientar som har vore innlagt frå Åmli i 2025, nokre også som eit mellomtilbod etter utskrivning frå sjukehuset Kommunal augeblikkeleg hjelp (KØH) er eit lovpålagt tilbod, og Åmli kommune kan ikkje aleine stå for drift av KØH så lenge kriteria er at det skal vere tilbod om lege kvar dag fram til kl. 23.

2.8 Omsorg

Omsorgstenestene består av tenester innan Helse og omsorg og Habilitering og ressurs.

Helse og omsorg har hatt sjukdom i leiinga og det har vore konstituert leiar sida mai 2025. Dette har ført til at administrasjonen i Helse og omsorg har hatt ein 100 % mindre ressurs store deler av året. Dette har ført til auka arbeidsmengde på teamleiarteamet som har tatt oppgåver for å halde drifta og utviklinga i gang som normalt.

I Habilitering og ressurs har vore konstituert leiar og avdelingsleiar i heile 2025.

Institusjon

Drift av institusjon består av langtidsavdelinga, skjerma avdeling, kjøkken, vaskeri og reinhald. Pasientbelegget er høgt, i 2025 har vi hatt et over belegg heile året, ofte med krevjande pasientar. Pasientar som kjem frå sjukehuset er ofte dårlege og har behov for eit korttidsopphald. ÅPOS har definert eit rom til "Livets siste dagar". Pasientar og pårørande opplev dette som ein tryggleik i ein vanskeleg fase.

Demensomsorg er omfattande, avdelinga jobbar på samtykkevurdering, vedtak ifht kap 4 A som omhandlar bruk av tvang og makt. Det gjennomførast VIPS i alle avdelingar som metode i demensomsorga.

Eininga har fokus på faget og legg til rette for vidareutdanning. Det er oppretta fagkoordinator stilling som tek ansvar for fagutvikling. Demens er eit område der kommunen har auka fokus.

På institusjon har vi utfordringar med å behalde og rekruttere rett kompetanse. Vi har få eller ingen søkarar til sjukepleiarstillingar, men har fått tilsett i enkelte fagarbeidarstillingar. Det å få tak i rett kompetanse er utfordrande, og her må vi jobbe strategisk for å finne fram til gode løysingar i 2025. Helse og omsorg arbeidar med plan for å behalde og rekruttere kompetanse. I 2025 har vi nytta vikarbyrå for å dekke opp behov for kompetanse, og dette vil forsette i 2026, men det skal planleggast for styrt avvikling med tanke på bruk av vikarbyrå.

Kjøkkenet

Kjøkkenet produserer mat av høg kvalitet til institusjon og heimebuande. Vi har fått innvilga av kommunestyret i 2025, oppgradering av kjøkkenet, detta skal starte opp våren 2026. og vi skal ta i bruk system kok-kjøl frå hausten 2026 Kjøkkenet har i 2025 framleis hatt auke i tal på middagar ut til heimebuande og intern catering til møter i kommunen. Kjøkkenet har internkontroll som kontroller at kjøkkenet er gode på reinhald, temperatur, tillaging av mat og oppbevaring. Ved revisjon av Anticimex (som er leverandør av kvalitetssystemet) på rutinar og gjennomføring av kontroller i 2025 av temperatur og reinhald var der ikkje avvik.

Servicetenesta reinhald og vaskeri er stabile tenester. Reinholdstenesta held høg kvalitet på huset. Vaskeriet er av eldre årgang og har behov for oppgradering for å innfri smittebarrierar og HMS for tilsette.

Heimesjukepleia

Heimesjukepleia i Åmli har i 2025 halde eit høgt aktivitetsnivå og levert trygge og fagleg gode tenester til innbyggjarane. Tenestene har vore prega av auka kompleksitet i brukargruppa, høgare behov for medisinske prosedyrar i heimen og tett samhandling med fastlegar, spesialisthelsetenesta og andre kommunale einingar.

I september 2025 blei også ny teamleder i heimesjukepleia tilsett, og ein egen koordinator i fag i 80 prosent fast stilling. Det for å styrke teamleder og hjelpe å jobbe strukturert i heimesjukepleia og på tvers av faget i Åmli helse. Bemanninga har vore stabil gjennom året, men rekruttering av sjukepleiarar har framleis vore ei utfordring på grunn av økte behov hos brukarar. Det er lagt vekt på kompetanseheving, mellom anna innan legemiddelhandtering, sår behandling og demensomsorg.

Heimesjukepleia har arbeidd systematisk med kvalitetsforbetring, avvikshandtering og dokumentasjonsrutinar, og velferdsteknologi er teke i bruk i større omfang for å betre tryggleik og effektivitet. Brukar- og pårørandesamhandling er styrkt gjennom tett dialog og regelmessige evalueringar av tenestene. Året har også avdekt utfordringar knytt til reisetid, digital arbeidsflyt og tidspress i kvardagen. I 2026 vil ein prioritere rekruttering, vidare utvikling av velferdsteknologi, styrking av fagkompetanse og arbeid for betre samhandling og meir føreseielege arbeidsprosessar.

Heimesjukepleia har hatt oppfølging av 71 brukarar i 2025, 49 brukarar har Tryggleiksalarmar og 7 brukarar har elektronisk medisindispenser, i tillegg har me prøvd ut og nyttar kameratilsyn i tenesta.

Starten av 2026 vil heimesjukepleia stå klar med nye lokalar, kontor, lager og garderober. Det er noko me alle ser fram til, og som er etterlengta.

Heimehjelp-tenesta

Det har i gjennomsnitt vært 55 brukarar med enkelt vedtak gjennom året 2025. Brukarar har i nokre tilfelle hjelp to gonger i veka, nokon ein gong kvar veke og nokon anna kvar veke. Dei som er tilsette i tenesta er stabile, det er lite fråvær. Heimehjelps-tenesta er viktig for at eldre og uføre skal kunne klare seg heime lengst mogleg.

Heimehjelp er ofte den første tenesta ein innbyggjar får tildelt. Tenesta er langt nede i innsatstrappa og er lite inngripen i den enkelte sitt liv. Tenesta har fokus på gode arbeidsforhold for dei tilsette, dei har eige utstyr og har fokus på HMS i arbeidet. Det er viktig å tildele heimehjelp på rett nivå. Heimehjelp blir ikkje sett på som ei kritisk teneste og tenesta er sårbar ved korttids sjukdom, det hender at ein ikkje får heimehjelp i det same omfang når heimehjelpa har fråvær.

Tenesta for funksjonshemma

Tenesta for funksjonshemma har i 2025 lykkast i å få rett kompetanse i fleire vakante stillingar. I løpet av 2025 har det vært fleire kontinueringar i administrativ leiing. Dei tilsette har i denne tida vært veldig fleksible og bidratt med ulike og nye arbeidsoppgåver som dei har fått delegert.

Ved Timmerodden bufellesskap er det 11 bustader. Alle bustadene er leid ut. Tenesta for funksjonshemma yter tenester til busette på Timmerodden, men også til tenestemottakarar som er busett i private bustader. Tenesta for funksjonshemma har stort fokus på dagtilbod til tenestemottakarar, både til dei som er busett på Timmerodden, men også nokre som bur i privat bustad. Me nyttar dagsenteret, forskjellige tilbod på Jobbklar og

me har også arbeidspraxis i ordinære bedrifter. Tilsette i tenesta for funksjonshemma planlegg og organiserer ulike aktivitetar.

Kontrakten med private tenester gjekk ut i starten av 2025, tenesta for funksjonshemma har etter dette arbeida for å gje riktige og gode tenester.

I 2026 vil me ha fokus på kompetansehevande tiltak for å kunne gje eit betre heilskapleg tilbod til tenestemottakarane. I 2026 ønskjer me å jobbe for å få kvalifisert fagpersonell i de resterande vakante stillingane.

2.9 Infrastruktur

Arbeidet med utbetring av FV415, som starta opp hausten 2023, blei gjenopptake i august 2025 med ny entreprenør, TT Anlegg. Vegen er forventa ferdig i slutten av 2026.

Kilandsfoss vasskraftverk blei påbegynt i mars 2023. Det er forventa ferdigstilling og produksjonsstart våren 2026. Dette er eit samarbeidsprosjekt mellom Åmli kommune, Froland kommune og Arendal Fossekompani og forventa produksjon er 38 GWh per år, dette tilsvara straum til ca. 2000 husstandar.

Statens Vegvesen er i god gang med breiddeutviding langs RV41, og haust 2025 sto strekninga Gjermundnes - Dølemo klar. Prosjektet fortset inn i 2026, og det er god dialog med Statens Vegvesen.

Statens Vegvesen gjekk også i gang med etablering av døgnkvileplass ved Pakkestasjonen i 2025. Forventa ferdigstilling vår 2026. I Pakkestasjonen vil det bli etablert eit turistsenter med offentlig toalett og en ny bobiltømmestasjon, også dette i samarbeid med Statens Vegvesen.

Sigrernesveien ble ferdig stilt juni 2025. Den nye vegen er heva betydeleg slik at man unngår flaumproblematikk og den har fått et nytt og betre berelag samt topplag.

Det resterande stykket av sykkelvegen Åmli-Treungen ved Seljås blei starta opp. Forventa ferdig sommar 2026. Utbetring av Tviland bru ble ferdig stilt i et godt og vellykka samarbeid med Statens Vegvesen i forbindelse med breiddeutviding av Rv41.

På Jordøya bru er vegdekket utbeta, og det er gjennomført asfaltutbetring.

På Skjeggedalsveien ble det i løpet av sumaren skiftet ut to store 800mm stikkrenner.

Det er gjennomført nødvendig grusing av de kommunale grusveiene i hen hald til behov. Vegen til Berås har vært prioritert på grunn av mangel på veg grus.

Kommunen har gjennomført stadvis utbetring av asfaltdekke i Århuskleiva bustadfelt. Adkomstveg til hybelbygg er reasfaltert, og det er gjennomført reasfaltering av deler av vegen gjennom Skytehusrabben bustadfelt. På den eksisterande sykkelvegen ble det gjennomført ordinært vedlikehald som rydding og feiing av vegbane etter vinteren. Det er også fjernet kantvegetasjon på enkelte strekningar. Det er videre satt ut bord og benker langs med sykkelvegen.

Prosjektet for solcellebelysning på vente plasser for buss for skuleelevar har vært populært, og det er i 2025 plassert ut tre stykk master på Askland, Ytre Ramse og Fiskvatn, det planleggast også å sette ut ytterlegare to master til i 2026.

Prosjektet med nytt fortau Negardskleiva ble ferdig prosjektert og anbodskonkurranse gjennomført, med planlagt opstart i starten av 2026.

Vår 2025 ble det etablert HC-vennleg parkering ved rådhuset.

2.10 Prosjekt

Ressursar til prosjektleiing på Samfunnseininga blei økt i 2025 med ei stilling i eit toårig engasjement. Dette har medført ein dobling av kapasiteten på prosjektleiing, og man er nå på god veg til å få ned etterslepet på prosjektgjennomføring.

Følgjande prosjekt har vært under arbeid i løpet av året (ferdig stilte prosjekter er merka grønt);

ENØK tiltak Skolen - Grunnvarme
ENØK tiltak Hallen - Grunnvarme og ventilasjon
Oppgradering kjøkken Åpos
Ombygging av lagerrom Åpos
Bygging av gang og sykkelveg på Seljås
Etablering av enkel bobilparkering på engenes
Handicaprampe på Engenes strand
Mobildekning og fiberdekning Skjeggedal
Fiberdekning kommunale boliger
Kultursal
Etablere elektronisk brannokumentasjon (facility)
Uteområde Åmli ungdomsskole
Ombygging garderober/gjestetolett 1. etg. ÅPOS
Forsøksprosjekt venteplasser lys, barn på buss
Fortau Negardskleiva/kryssløsning - Jfr. VA
Skatepark Åmli sentrum
ENØK tiltak DOS - Luftvarmepumpe
Ventilasjonsaggregat Paviljongen
Oppgradering Sigridnesveien
Rehabilitering av Tviland bru
Nytt tak mot øst – Oasen
Rehabilitering omsorgsboliger

2.11 Vatn og avlaup

Det er fortsett behov for investering i VA anlegg også i åra framover for å hente inn vedlikehaldsetterslep, og for å tilfredsstillere framtidige statlege reinsekrav for avløpsanlegg, samt for å etablere gode løysningar i nye områder. Det ble gjennomført utskifting av PLS styringa og automatikk til Nelaug vassverk. Dette gir moglegheiter for å kunne styre vassverket meir effektivt i mange år framover.

I løpet av 2025 ble det kjøpt ut gamle rettigheter på aktivitetar på tomt til Gjøv vassverk. Dette medfører at Åmli kommune nå får en større kontroll og betre sikkerheit på aktivitetar rundt vassverket for å sikre framtidig trygg vatn forsyning.

Prosjekt utskifting av asbestledning frå kryss Børtinghusvegen/Negardskleiva til starten av Skulekleiva ble ferdig prosjektert og anbodskonkurranse gjennomført, med planlagt oppstart i starten av 2026.

Det har vært en vasslekkasje på det kommunale leidningsnettet på Dølemo.

Det har vært to vasslekkasjar på det kommunale leidningsnettet og en lekkasje på privat stikkledning i Åmli sentrum.

Reparasjon og rehabilitering av innlaupsleidningen til Nelaug reinseanlegg ble utført hausten 2025. Dette medførte at en har stoppet en forureiningslekkasje ut frå anlegget og hindra framand vatn inn på anlegget. Det har ikkje vært registrert lekkasjar på avløpsnettet.

2.12 Reinhold

Reinholdsavdelinga har fått nye maskiner for enklare og meir effektivt arbeid. Vi jobbar som eit team og kan distribuerast kvar som helst. Dette fører til betre arbeidsmiljø og lågare sjukefråvær. Avdelinga arbeider aktivt for å ta i bruk meir reinholdsmaskiner for å lette arbeidet, gjer det meir effektivt og få betre resultat. Vi har heldt eit ergonomikurs for betre helse.

2.13 Kommunale bygg

Størstedelen av dei kommunale bygga er eldre bygg som bærer preg av alder og slitasje. Det har dei seinare år blitt gjennomført rehabilitering av delar av bygningsmassane, og det er viktig å fortsette med høy aktivitet på rehabilitering i åra framover. Rehabilitera bygg gir redusera vedlikehaldsutgifter, redusera energikostnader og auka trivsel.

Som resultat av høge energiprisar har det vore svært høge energikostnader i kommunale bygg også i 2025. For å redusere energibruken på lang sikt er det utarbeidd ein energikartlegging av dei kommunale bygga, med ei prioritering av tiltak ut i frå økonomisk kostnad/nytte vurdering. Det er totalt foreslege 49 tiltak til ein kostnad på kr 13,8 millionar. Innsparingspotensialet totalt er estimera til kr 1,9 millionar i året. Med bakgrunn i prioriteringane i planen er det gjennomført fleire tiltak for å spare energi. Dette gjelde overgang til LED lys, etablering av luft/luft varmepumper, isoleringstiltak mv. Det er vedteke å bygge grunnvarmeanlegg for skulen, idrettshallen, Åpos og Rådhuset.

I tråd med dette er følgande tiltak gjennomført og ferdig stilt.

Nytt sky basert SD-anlegg på rådhuset noko som forbetrar styring av inneklimate og energiforbruk i bygget. Ny varmepumpe på DOS og nytt bergvarmeanlegg på Åmli skole, i tråd med kommunens plan for ENØK, med gode resultatata når det gjeld energiforbruk.

Det gamle ventilasjonsaggregatet i SFO bygget er skiftet ut i tråd med kommunens planer for ENØK.

Elles er følgande tiltak på kommunale bygg gjennomført:

- Siste del av taket på OASEN er utbetra i samsvar med kommunestyrevedtak.
- På vaktmesterboligen er det skiftet utvendig kledning og tak, samt innvendig oppussing.
- Gamle gymsalen på VGS er revet for å gi plass til den framtidige kultursalen.
- Renovering av omsorgsbustadane Gata 28 og 30 ble ferdig stilt sumar 2025.
- Gamle Telemarksvegen 25 ble revet og sanert i samsvar med kommunestyrevedtak.
- Gata 2 ble kontrollert brent ned i forbindelse med planlegging og oppstart med døgnkvileplass.
- Kultursal: I 2025 ble detaljprosjektering for ny kultursal ferdig stilt i samarbeid med arbeidsutvalet. Det ble deretter gjennomført og avslutta en anbuds konkurranse med intensjon om kontraktssignering i 2026.

IKT Agder, saman med 22 andre kommunar, er i gang med å skaffe eit felles FDVU-system som består av tre moduler: bustad, reinhold og FDV. Åmli kommune har per i dag behov for eit slikt system da dagens FDV handterast i stor grad analogt. Når dette blir innført får vi eit betre system for vedlikehald, internkontroll og bruk av kommunale bygg. IKT-Agder gjennomfører anskaffing.

2.14 Plan- og byggesak

Plan- og byggesaksbehandlaren som blei rekruttert i oktober 2022 har utført byggesaksbehandling, plansaksbehandling, kommunal planlegging, kart og matrikkelføring. Sjølve oppmålingstenesta vert inntil vidare leigd inn, medan det vert greia ut moglegheiter for samarbeid med andre kommunar om oppmåling. Pga. For liten

kapasitet på plan- og kartforvaltning (blant annet rullering av kommuneplan), tilsetting en byggesaksbehandlar i 40% stilling frå 12.1.2026.

Det er vedteke 74 byggesaker (inkludert dispensasjonssaker) i alt i 2025 og gjennomført 17 oppmålingsforretningar.

To private reguleringsplanar for Pan Garden og masseuttak Jørundland er vedteken i 2025. I tillegg har det vært behandla planendringar til reguleringsplan for Raudåna masseuttak og reguleringsplan for Steinstjern. Sumar 2024 har det blitt satt i gang rulleringsarbeid for kommuneplanens arealdel. Pga. kapasitetsutfordringar ble rulleringa satt på vent i 2025 og tas opp igjen i 2026 etter at kapasitet på plan auker frå 12.2.2026.

2.15 Jordbruk

I 2025 er det 48 føretak som har eit produksjonsomfang som gjer at dei har rett på produksjonstilskot i jordbruket. Talet på søkarar har halde seg stabilt. 38 av desse har husdyrhald (inkl. bigardar), ti har reine planteproduksjonar.

Det er godkjend eit samla areal på inntil 67 daa til nydyrking fordelt på to gardsbruk. To gardsbruk har fått løyvd kommunalt tilskot til nydyrking med kr 1000 pr daa i samsvar med "Regelverk for tildeling av kommunalt tilskot til nydyrking".

Det er løyvd midlar frå årleg tildelt ramme «Spesielle miljøtiltak i jordbruket» (SMIL) til Åmli kommune: I alt 14 prosjekt. Dei fleste tiltaka gjeld skjøtsel av kulturlandskap, som rydding av beitemark/vegetasjon og restaurering av bygningar. Desse prosjekta bidreg til å ta vare på både kulturmiljø og landskapsverdiar. Eitt prosjekt omhandlar forureining, der det er gjort tiltak for å hindre overflateavrenning mot vassdrag.

I Åmli kommune er fleire område klassifiserte som verdifulle kulturlandskap i «Regionalt miljøprogram Agder». 24 føretak har fått midlar frå denne ordninga. Under ordninga kjem skjøtsel av verdifullt jordbrukslandskap ved beiting, erosjonshindrande tiltak og miljøvennleg spreiding av husdyrgjødsel.

Tovdal sankelag kjem inn under ordninga «Organisert beitebruk» - drift av beitelag. Seks bruk har til saman 1045 småfe på beite og har organisert tilsyn på utmarksbeite.

6 føretak har fått tildelt midlar frå ordninga "drenering".

1 føretak har fått tildelt midlar frå ordninga «Tiltak i beiteområde» til elektronisk overvakingsutstyr (radiobjeller).

2 føretak har søkt og fått avlingserstatning på grunn av klimatiske forhold.

1 føretak har fått tildelt midlar frå ordninga "tilskot ved svikt i honningproduksjon".

Åmli kommune har det administrative ansvaret for veterinæravtordninga i veterinærrområda Holt og Nedenes, som omfattar 10 kommunar. Landbruksdirektoratet tildeler årlege tilskot til ordninga. Veterinæravt gjeld alle dyr, ikkje berre produksjonsdyr. God dyrevelferd har høg prioritet. Vi har god veterinærdekning i vårt område.

Etablering av nye planteproduksjonar er i framgang; frukt, bær, reinhavre (glutenfri) og engfrø. Det same gjeld foredling/profilering /utsal av lokalmat. Satsing på birøkt.

Utfordring med auka kostnader på innsatsfaktorar i jordbruket. Nedlegging av husdyrhald.

Framover vil ein satse på god og miljøriktig utvikling av jordbruksnæringa innanfor overordna krav, med tilrettelegging for nye, og styrke eksisterande verksemdar.

2.16 Skogbruk

Det blei avverka og innmålt 82.519 m³ til ein samla bruttoverdi på 63 mill. kr. Skogbruket gir store ringverknader og landbruksdepartementet hevdar verdiskapinga utgjør 10-12 x tømmerverdien. Skogeigarane i Åmli har dermed bidrege til ei samla verdiskaping på rundt 650 mill. kr.

Av skogkultur blei det satt ut 74.400 planter, utført ungskogpleie på 2.984 dekar og markberedning på 591 dekar. I alt blei det investert 2,4 mill. kr i skogkulturtiltak.

Det blei ferdiggodkjent i alt 9 skogsveganlegg, fordelt på 1 km ombygging av skogsbilvegar og bygging av 3 km skogsbilveg og 0,2 km tung traktorveg, med samla investeringar på 4,4mill. kr.

I alt blei det utbetalt ca. 1,2 mill. kr i tilskot frå ulike statlege ordningar for å stimulere til denne aktiviteten. I tillegg kjem skogfondsutbetalingar på vel 7,8 mill. kr. Omløpstida for skogfondsmidlar i Åmli er nå 5,0 år.

Utfordringsbiletet er at ein stor del av eksisterande skogsbilvegar treng ombygging for å tilfredsstilla krava til transport med dagens tømmervogntog. Og aktiviteten innafor skogkultur må minst oppretthaldast om produksjon og kvalitet på framtidsskogen skal bli halde oppe.

2.17 Viltforvaltning

Åmli viltutval sine godkjente bestandsplanar for elg og hjort gjeld for perioden 2024-2026. Det blei i 2025 felt i alt 105 elg, 84 hjort og 47 rådyr i Åmli kommune.

Utfordringsbiletet er ein elgstamme i dårleg kondisjon og med låg produktivitet, samt ein hjortestamme der tettleiken er sterkt varierende. Det er viktig at forvaltningsplanane for inneverande periode i størst mogleg grad blir følgt.

Kommunens oppgåver med ettersøk etter skadd storvilt blir ivareteke av ei fallviltgruppe på 5 medlemmar. Avtalane får 2025 blei forlenga for 2026, med noko utskifting i gruppa.

2.18 Motorferdsel i utmark

Det vart innvilga ca. 20 løyver til motorisert ferdsel i utmark. Den digitale søknadsprotalen blei noko forbetra i 2025, noko som har gjort henne meir brukarvennleg og enklare å bruke. Det har og forenkla kommunen sin handsaming av søknadane.

2.19 Næring og utvikling

Regionalt

Totalt 8 Åmli-bedrifter fekk støtte frå det regionale næringsfondet i 2025, og det ble gitt tilsegn på til saman kr 522.500,- i etablerings- og utviklingsstøtte.

Pågang Næringshage har hatt nokre målbedrifter frå Åmli i 2025, med rettleiing i bedriftsutvikling. Pågang næringshage har også hatt ein avtale med DRIV Agder, etablerarsenteret i Agder, for såkalla førstelinjeteneste i Østre Agder. Dette er rettleiing til gründere og nyoppretta bedrifter. DRIV Agder tilbyr også relevante kurs til denne målgruppa. Denne avtalen er no avslutta, og DRIV tilsett egen distriktrådgjevar som skal ivareta denne funksjonen.

Åmli kommune tar ein aktiv del i Østre Agder Næringsforum saman med de syv andre kommunane øst i Agder, og opplever at samarbeidet med næringsarbeid på tvers av kommunane er godt. Det ble utarbeida ein strategiplan vår 2024, og satsingsområde i denne blir nå følgt opp i egne arbeidsgrupper.

I april 2025 blei den fyrste Framoverlent næringskonferanse heldt på Akland i Risør. Dette er ei regional konferanse med næringslivet i regionen som målgruppe, og blei en stor suksess med rundt 300 påmelde (utselt). Det var de næringsansvarlege i Tvedestrand, Risør, Gjerstad, Vegårshei og Åmli som arrangerte konferansen,

men stafettpinnen er nå overgitt til Østregionen næringsforening.

Lokalt

Equinor arbeider framleis med eit tidlegfaseprosjekt på Jordøya, mens Biozin nå er heilt ute av prosjektet. Det har vært god dialog mellom Åmli kommune og Equinor, bl.a. med tanke på jernbane og vidare utvikling av denne. Her er også Bane NOR involvert.

Det er ikkje selt tomter på Engenes i 2024, og her er det framleis god kapasitet. Hegna næringsareal er nå fullteikna, og det vert nå jobba med å finne gode alternativ til næringsareal med formål lett industri og lager. Dette blir gjort i forbindelse med rullering av kommuneplanens arealdel.

Kommunen arbeider saman med den statlege ordninga for nærbutikkar, Merkur, og har gitt uttalar om støtte til søknader sentralt.

Åmli kommune ga i 2024 lokalbutikkane støtte til utkøyring av varer. Dette gjaldt i 2025 berre Gjøvdal handel AS. Åmli kommune innvilga i 2025 sponsorstøtte til Heimover-festivalen, Dølemomarknaden, ultraløpar Anna Simonsson-Søndenå, naturkalender, Mathias Berntsen, Frida Berntsen, og produksjon av film om Treungenbanen. Til saman ble det delt ut 135.000 i sponsormidlar.

2.20 Reiseliv

Nærbutikkane fekk i samsvar med vedtak i K-sak 17/71 tilskot på kr 10.000 kvar for sin funksjon som turistinformasjon. Dette gjeld Gjøvdal Handel AS, Snarkjøp Dølemo og Møteplassen Nelaug.

Elvarheim museum har turistinformasjon i opningstidene for museet. I tillegg har Åmli Bibliotek, Åmli rådhus og kiosken i Badeparken også funksjon som turistinformasjon.

Årleg oppdatert Turistinformasjon på Åmli kommune si heimeside i tillegg til Visit Åmli under Visit Sørlandet. Åmli kommune er medlem av Åmli turistforum. Topp 20 - turane og kulturminneløypene er godt besøkt, i tillegg til Dagsturhytta og tur - og sykkelvegen mellom Åmli og Treungen.

Åmli kommune arrangerer årleg 2 reiselivsmøte: Vår - planlegge sommarsesongen og haust- evaluere. Det interkommunale samarbeidet i Telemarksvegen held fram, med fokus på vegstandard, bygging av infrastruktur og attraksjonar – og felles marknadsføring.

Prosjekt "Nidelva som naturbasert reisemål" er lagt inn under samarbeidet i Telemarksvegen. Drift av kiosken i badeparken i juli, Åmli speidargruppe hadde ansvar for drift i 2025.

Framover vil ein satse på å styrke og profilere reiselivsnæringa med dei fordelar vi har knytt til natur – og kulturopplevingar.

2.21 Kultur

Elvarheim museum

Sommarutstillinga 2025 hadde tittel "Elvarheim 100 år". I 100 år har Elvarheim vore kulturhus og «Bygdas storstove». Dette ble markert med eiga utstilling over det mangfald av bruk som har vore gjennom alle desse åra. Utstillinga vart laga av Åmli ungdomslag og Dristug IL i samarbeid med Elvarheim museum.

Besøktstala ved museet gjeng ned frå 1264 i 2024 til 1013 i 2025.

Elvarheim museum er organisert som et samarbeid mellom AAma og Åmli kommune jfr.«Avtale mellom Aust-Agder museum og arkiv (AAma) og Åmli kommune om drift av Elvarheim museum» frå 2016. I desember vedtok kommunestyret en utredning av Elvarheim museum med mål om en betre organisatorisk infrastruktur for museet.

Plan for idrett og fysisk aktivitet

Plan for idrett og fysisk aktivitet i Åmli kommune 2025-2036 ble vedtatt av kommunestyre i desember 2024. Det ble i 2025 jobba godt med tiltak i handlingsplandelen og sendt inn rekord mange spillemiddelsøknader.

Aktive lag og organisasjonar

2025 var Friluftslivets år. Åmli kommune markerte dette med fleire arrangement i samarbeid med lag og organisasjonar; 25 års jubileum for Grånheia ble markert i samarbeid med Stiftelsen Åmli bygdetun, «Trogfjell opp» ble arrangert i samarbeid med Dristug IL, «Ordførarens tur» i Badeparken ble arrangert i samarbeid med Den Karenske Foreining.

I 2025 ble Fargerik Fest ble gjeninnført i Åmlihallen 26.04. Dette som et samarbeid med Åmli Bygdekvinnelag, Folkeakademiet Åmli, Den Karenske Foreining, Frivilligsentralen m.m.

Stolpejakta kom til Åmli i 2025. Dette som et samarbeid med Åmli Turistforum og Frivilligsentralen.

Den kulturelle spaserstokken

I samarbeid mellom Frivilligsentralen, helse og kultur er det gjennomført fleire arrangement knytt til den kulturelle spaserstokken på Eldresenteret på ÅPOS.

Oppfølging av kulturminneplanen

Kulturminneplanen (2020 – 2024) inneheld ei stor mengde registreringar av kulturminne, anslått ca. 4.000. Sidan 2024 har vi registrere desse kulturminna inn i kulturminneregisteret «Askeladden».

Fokus for framtida blir å prioritere i disse kulturminne og lage en plan for vidare registreringar. Samtidig blir det er fokus å oppdatere handlingsprogrammet i Kulturminneplanen.

2.22 Åmli bibliotek

Besøkstalet ved biblioteket har gått ned det siste året med rundt 127 personar så det var 2446 besøkande på biblioteket i løpet av 2025. Ein liten del av forklaringa på nedgangen er bytte av biblioteksystem og knapp tilgang på vikarar, biblioteket har halde stengt 10 dagar av den grunn.

Arrangementa har vært bokbad med Gaute Heivoll og Steinar Nielsen (25 personar), utstillinga STING om bunader og sy ettermiddag i regi av Gjøvdal og Åmli husflidslagutstilling. Foredrag og utstilling om Gabriel Scott. I desember hadde vi førestillinga “Dingle som ei kringle” for barnehage og 1. klasse. (ca 30 barn).

Planlegging og opprydding i biblioteket til meir-opent prosjekt er fortsett. Grunna tekniske utfordringar er prosjektet dratt ut i tid, men vil bli ferdig stilt og igangsett vår 2026.

2.23 Nidelva og Gjerstad–Vegår vassområde

Nidelva og Gjerstad–Vegår er to sjølvstendige vassområde i Agder vassregion, men er organiserte med felles vassområdekoordinator og felles samarbeidsstruktur. Vassforvaltninga er nedbørsfeltbasert og går på tvers av kommunegrenser, og samarbeidet omfattar totalt 13 kommunar i Agder og Telemark. Åmli kommune er vertskommune for ordninga og har arbeidsgjeveransvar for vassområdekoordinatorstillinga. Åmli kommune inngår i hovudsak i Nidelva vassområde, men har òg mindre areal innan Gjerstad–Vegår.

Arbeidet har i hovudsak vore retta mot oppfølging av regional vassforvaltningsplan 2022–2027, kvalitetssikring og oppdatering av kunnskapsgrunnlaget i Vann-Nett, samt oppstart av prosessar knytte til tiltaksrevisjon for planperioden 2028–2033. Arbeidsgruppa har vore den viktigaste arenaen for koordinering og fagleg dialog, med jamlege avklaringar om status for miljømål og klassifisering, oppdatering av påverknader og tiltak, og rolle- og sektoransvar. Styringsgruppa har bidrege til politisk forankring av arbeidet.

Det har ikkje vore sett i gang nye, eigne overvåkingsprosjekt i vassområda i perioden, men kunnskapsgrunnlaget er framleis mangelfullt for enkelte vassførekomstar. Behovet for vidare overvaking vil bli vurdert i komande planperiode. Det er òg fremja initiativ og søknader til restaurerings- og kunnskapsprosjekt i vassområda, der fleire

tiltak er planlagde gjennomførte i 2026. Det er vidare delteke i regionalt fagleg samarbeid og kompetanseutveksling. I tillegg er det medverka til ei digital løysing for publikumsinnmelding av oppblomstring av lurv langs kysten.



3 Rekneskap

Rekneskapen for 2025 er avslutta ut frå forskrift om økonomiplan, årsbudsjett, årsrekneskap og årsmelding for kommunar og fylkeskommunar m.v. gjeldande frå 01.01.2020.

Årsrekneskapen skal omfatte alle økonomiske midlar som vert disponert, og bruk av midlane.

Kontrollutvalet skal gje uttale til rekneskapen. Kommunestyret skal sjølv vedta årsrekneskapen etter tilråding frå formannskapet.

3.1 Hovedoversikt

3.1.1 BEVILGNINGSOVERSIKT DRIFT - FORSKRIFTENS § 5-4

Bevilgningsoversikt drift A - forskriftens § 5-4	Regnskap 2025	Revidert budsjett 2025	Opprinnelig budsjett 2025	Regnskap 2024
Rammetilskudd	-130 908 456	-130 488 000	-123 640 000	-122 531 055
Inntekts- og formuesskatt	-56 285 148	-59 151 000	-64 693 000	-50 818 722
Eiendomsskatt	-9 541 967	-9 803 718	-9 803 718	-9 404 860
Andre generelle driftsinntekter	-15 861 730	-8 202 102	-8 202 102	-15 010 627
Sum generelle driftsinntekter	-212 597 301	-207 644 820	-206 338 820	-197 765 264
Sum bevilgninger drift, netto	208 382 592	212 751 665	210 150 949	200 845 404
Avskrivninger	11 209 295	10 600 000	10 600 000	10 769 505
Sum netto driftsutgifter	219 591 887	223 351 665	220 750 949	211 614 909
Brutto driftsresultat	6 994 586	15 706 845	14 412 129	13 849 645
Renteinntekter	-7 611 027	-5 571 038	-5 571 038	-6 638 821
Utbytter	-19 710 390	-19 736 293	-19 736 293	-22 602 950
Renteutgifter	12 210 155	10 584 181	10 584 181	11 458 083
Avdrag på lån	11 685 625	11 400 431	11 400 431	10 259 662
Netto finansutgifter	-3 425 637	-3 322 719	-3 322 719	-7 524 026
Motpost avskrivninger	-11 209 295	-10 600 000	-10 600 000	-10 769 505
Netto driftsresultat	-7 640 346	1 784 126	489 410	-4 443 886
Disponering eller dekning av netto driftsresultat				
Overføring til investering	2 089 967	9 898 318	581 000	1 852 167
Avsetninger til bundne driftsfond	2 803 819	1 133 673	1 133 673	3 287 544
Bruk av bundne driftsfond	-2 572 860	-3 864 115	-1 642 685	-2 151 880
Avsetninger til disposisjonsfond	6 501 544	7 968 011	6 931 011	8 244 535
Bruk av disposisjonsfond	-1 182 124	-16 920 013	-7 492 409	-6 788 480
Sum disponeringer eller dekning av netto driftsresultat	7 640 346	-1 784 126	-489 410	4 443 886
Fremført til inndekning i senere år (merforbruk)				

Oversikten viser felles inntekter og utgifter, samt netto bevilgning til drift av einingane.

3.1.2 BEVILGNINGSOVERSIKT DRIFT - BEVLGNING PR. EINING – FORSKRIFTENS § 5-4

Bevilgningsoversikt drift B - forskriftens § 5-4	Regnskap 2025	Regulert budsjett 2025	Opprinnelig budsjett 2025	Regnskap 2024
Åmli kommune totalt				
Driftsinntekter	-88 013 905	-67 740 282	-67 740 282	-80 701 779
Driftsutgifter	296 396 422	280 491 947	277 891 231	281 547 183
Netto drift	208 382 517	212 751 665	210 150 949	200 845 404
10 Støttefunksjoner				
Driftsinntekter	-821 791	-668 136	-668 136	-943 771
Driftsutgifter	25 308 922	27 227 519	26 976 836	24 367 994
Netto drift	24 487 131	26 559 383	26 308 700	23 424 223
20 Oppvekst				
Driftsinntekter	-8 782 210	-5 134 975	-5 134 975	-8 927 700
Driftsutgifter	85 233 904	79 936 375	73 207 044	80 597 285
Netto drift	76 451 694	74 801 400	68 072 069	71 669 585
30 Helse og omsorg				
Driftsinntekter	-27 224 748	-16 645 840	-16 645 840	-24 513 166
Driftsutgifter	97 727 243	85 917 472	77 775 837	89 173 300
Netto drift	70 502 495	69 271 632	61 129 997	64 660 134
40 Habilitering og ressurs				
Driftsinntekter	-13 721 107	-11 275 150	-11 275 150	-10 528 072
Driftsutgifter	40 520 687	40 261 196	39 148 038	39 332 684
Netto drift	26 799 580	28 986 046	27 872 888	28 804 612
50 Samfunn				
Driftsinntekter	-37 447 308	-33 961 181	-33 961 181	-35 766 027
Driftsutgifter	57 003 826	55 624 955	53 506 761	55 080 779
Netto drift	19 556 519	21 663 774	19 545 580	19 314 752
60 Økonomi/skatt/finans				
Driftsinntekter	-16 742	-55 000	-55 000	-23 043
Driftsutgifter	-9 398 160	-8 475 570	7 276 715	-6 994 859
Netto drift	-9 414 902	-8 530 570	7 221 715	-7 017 902
Sum netto drift	208 382 517	212 751 665	210 150 949	200 855 404

Oversikten viser netto driftsrammer på kommunen sine hovedansvar samla og kvar for seg, og er grunnlaget for linje 6 i Bevilgningsoversikt drift A.

Kommentarar til budsjettavvik for einingane

Organisasjon og økonomi

Netto drift for eininga syner eit mindreforbruk på 2,072 mill kr, set i forhold til regulert budsjett. Dette skuldast hovudsakleg mindreforbruk på lønn, IKT og leasingavtaler set i forhold til regulert budsjett. Samtidig blei det i 2025 ført inn et beløp frå balansen mot yrkesskadeforsikring.

Oppvekst

Oppvekst hadde eit meirforbruk for 2025 på kr 1,650 mill. Årsaka til dette er hovudsakeleg økt kostnad til barnevernet. I tillegg kom forseelses gebyr til Arbeidstilsynet etter tilsyn.

Helse og omsorg

Helse og omsorg hadde eit meirforbruk på kr. 1,230 mill kr. I all hovudsak skuldast det lønn og utgifter til vikarbyrå, pga mangel på arbeidskraft.

Det har vore eit kravande år for helse og omsorg og vanskar med å få rett kompetanse er hovudårsakene.

Habilitering og ressurs

Habilitering og ressurs hadde eit positivt driftsresultat på kr 2,186 mill. Grunnen til det positive resultatet er at vi fekk meir i refusjon for sjukepengar og foreldrepengar, samt at tilskot for ressurskrevjande var høgare enn budsjettert.

Samfunn

Samfunn hadde totalt eit positivt resultat kr 2,107 mill set i forhold til regulert budsjett. Det skuldast i hovudsak mindreforbruk på lønn og meir i konsesjonskraftinntekt enn budsjettert.

Økonomi/skatt/finans

Netto driftsresultat for området syner eit positivt resultat i forhold til budsjett på kr 0,884 mill. Det er i all hovudsak på grunn av lågare utgift til premieavvik enn budsjettert.



3.1.3 BEVILGNINGSOVERSIKT INVESTERING A ETTER FORSKRIFTENS § 5-5

Bevilgningsoversikt investering jf. §5-5 første ledd (A)	Regnskap 2025	Revidert budsjett 2025	Opprinnelig budsjett 2025	Regnskap 2024
Investeringer i varige driftsmidler	24 963 822	104 909 180	3 937 500	24 519 996
Tilskudd til andres investeringer				-2 071 888
Investeringer i aksjer og andeler i selskaper	5 657 161	5 571 000	5 571 000	3 192 885
Utlån av egne midler				
Avdrag på lån				
Sum investeringsutgifter	30 620 983	110 480 180	9 508 500	25 640 993
Kompensasjon for merverdiavgift	-4 594 146	-13 922 141	-787 500	-1 877 150
Tilskudd fra andre	-1 548 709	-6 150 000		-3 181 000
Salg av varige driftsmidler	-274 965	-900 000		-686 919
Salg av finansielle anleggsmidler				
Utdeling fra selskaper				
Mottatte avdrag på utlån av egne midler				
Bruk av lån	-12 697 600	-58 692 852	-3 150 000	-15 909 991
Sum investeringsinntekter	-19 115 419	-79 664 993	-3 937 500	-21 655 059
Videreutlån	7 846 245	12 000 000	6 000 000	4 567 100
Bruk av lån til videreutlån	-7 846 245	-12 000 000	-6 000 000	-4 567 100
Avdrag på lån til videreutlån	924 998	811 300	811 300	719 462
Mottatte avdrag på videreutlån	-1 779 517	-811 300	-811 300	-1 751 230
Netto utgifter videreutlån	-854 519			-1 031 768
Overføring fra drift	-2 089 967	-9 888 318	-571 000	-1 852 167
Avsetninger til bundne investeringsfond				9 000 000
Bruk av bundne investeringsfond	-11 810	-5 542 837		-3 457 163
Avsetninger til ubundet investeringsfond	1 114 390	900 000		1 530 408
Bruk av ubundet investeringsfond	-9 663 657	-16 284 032	-5 000 000	-8 175 245
Dekning av tidligere års udekket beløp				
Sum overføring fra drift og netto avsetninger	-10 651 044	-30 815 187	-5 571 000	-2 954 167
Fremført til inndekning i senere år (udekket beløp)				

Oversikten viser samla investeringsutgifter, investeringsinntekter og korleis investeringane er finansiert gjennom året. Investeringsrekneskapen er fullt ut finansiert.

3.1.4 BEVLINGNINGSOVERSIKT INVESTERING B ETTER FORSKRIFTENS § 5-5

Bevilgningsoversikt investring B	Regnskap 2025	Revidert budsjett 2025	Opprinnelig budsjett 2025	Regnskap 2024
Investeringer i varige driftsmidler	24 919 113	101 909 180	3 937 500	24 519 996
Utlån av egne midler	-	-	-	-
3130 - Rundkjøring Åmli sentrum		3 000 000		
3134 - DDA bredbåndsutbygging Skjeggedal	44 709			
3758 - Ny legevakt-KØH bygg	-	-	-	2 071 888
Sum tilskudd til andres investringer	44 709	3 000 000	-	2 071 888
3112 - KLP egenkapitalinnskudd	657 161	571 000	571 000	603 025
3119 - Konesjonssak Kilandsfoss	5 000 000	5 000 000	5 000 000	-
3758 - Ny legevakt - KØH bygg				2 589 860
Sum Investeringer i aksjer og andeler	5 657 161	5 571 000	5 571 000	3 192 885
Sum investeringer	30 620 983	110 480 180	9 508 500	25 640 993
Prosjekt				
1304 - Bruker 4 - helse og omsorg	-	-	-	171 159
3112 - KLP egenkapitalinnskudd	657 161	571 000	571 000	603 025
3119 - Konesjonssak Kilandsfoss	5 000 000	5 000 000	5 000 000	-
3130 - Rundkjøring Åmli sentrum	-	3 000 000	-	-
3133 - Fortau på Dølemo	-	4 792 993	-	1 091 991
3134 - DDA bredbåndsutbygging Skjeggedal	44 709	-	-	-
3434 - Sal av fast eigedom/tomt	65 095	-	-	85 375
3435 - Frikjøp av rettigheter over vannverkets eiendommen - Gjøv vannver	402 000	402 000	-	-
3480 - Fiber til kommunale utleieboliger	16 208	125 000	-	-
